



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 08.12.2015
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 01.12.15

Idar Tarberg
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 94/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 95/15	Protokoll frå førre møte.
PS 96/15	Delegerte saker
PS 97/15	Referatsaker
PS 98/15	Axel Bjørklid 11/6 - Klage på vedtak i MTK-sak 79/15 om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl § 1-8
PS 99/15	Kjell Straume/Antonia de Haan Straume 11/105 - Klage på vedtak i MTK-sak 64/15
PS 100/15	Leidulf B. Dybvik 16/16 - Løyve til utlegging av flytebrygge
PS 101/15	Gnr 12 Bnr 9 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 177
PS 102/15	Gnr 60 Bnr 32 Frådeling av nausttomt
PS 103/15	Moltustrandingen 60/0 - Løyve til oppføring av varmestove/kvilebu og dispensasjon frå kommuneplanens arealdel
PS 104/15	Havstein Remøy DA 34/10 - Dispensasjon frå reguleringsplan for Fosnavåg hamn for riving og gjenoppføring av Ishuset - Endringsløyve
PS 105/15	Inger Larsen 16/2 - Dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen arealdel og deleforbudet i pbl § 1-8 med sikte på deling av grunneigedom
PS 106/15	Adresseprosjektet 2015 - ny adresseparsell - Remøyholmen
PS 107/15	Kjell Rabben 11/152 - Dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanens arealdel vedr prosent vindusflate i naust
PS 108/15	Val av avgiftsmodell for utbyggingsavtalar ved bustadbygging - prinsippvedtak
PS 109/15	Revidert forskrift for Søre Summøre Reinhalsverk IKS - godkjenning

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 331/15 Gnr 22 Bnr 2 - Frådeling av tilleggsareal
- DS 332/15 Gnr 34 Bnr 8 - Frådeling av område for nærmiljøanlegg
- DS 333/15 Mellombels bruksløyve - 4 mannsbustad - 37/51
- DS 334/15 Elfo Eiendom as - 37/295 - grunnarbeid/rørarbeid
- DS 335/15 Gnr 9 Bnr 120 - frådeling av 3 nausttomter
- DS 336/15 Ferdigattest - 34/538
- DS 337/15 Mellombels bruksløyve - 31/188 - seksjon nr 5
- DS 338/15 Gnr 79 bnr 6 - Frådeling av grunn til Gurskøy idrettslag
- DS 339/15 Mellombels bruksløyve - 29/74 - Einebustad
- DS 340/15 Ferdigattest - 37/394 - Vatnevegen 6
- DS 341/15 Heida Vel - 33/1, 9, 10, 1 og 30/7 - Adventsstjerne
- DS 342/15 Herøy Vasslag SA 37/417 - Ferdigattest vassleigning
- DS 343/15 Bjørn Perry Myrvåg - 46/1 - Riving
- DS 344/15 Ivar Brekke Flusund - 35/104 - Tilbygg
- DS 345/15 Ferdigattest tilbygg Einedalen skule - 24/74
- DS 346/15 Mellombels bruksløyve - 16/91
- DS 347/15 Ferdigattest ventilhus - 42/4
- DS 348/15 Ferdigattest tilbygg 36/85 seksjon nr 2
- DS 349/15 Ferdigattest 82/5
- DS 350/15 Beathe Myklebust 26/40 - Ferdigattest
- DS 351/15 Roar Evensen 11/143 - Mellombels bruksløyve for rorbuer
- DS 352/15 Ferdigattest masseutskifting i grunn - 45/148
- DS 353/15 Roar Evensen 11/143 - Ferdigattest
- DS 354/15 Ferdigattest opparbeiding av P-plass - 38/141
- DS 355/15 Mellombels bruksløyve 1 etg garasje - 46/47
- DS 356/15 Ferdigattest 30/104 seksjon nr 1

- DS 357/15 Herøy kommune 20/27 - Endringsløyve for riving og miljøsanering av Frøystad skule
- DS 358/15 Ferdigattest 30/104 seksjon nr 2
- DS 359/15 Gnr 11 Bnr 5 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 12
- DS 360/15 Mørebygg AS 26/200 - Ferdigattest for seksjon 1 og 2
- DS 361/15 Ferdigattest riving hus og uthus - 29/97
- DS 362/15 Ferdigattest tilbygg/garasje - 19/32
- DS 363/15 Ferdigattest 4/309
- DS 364/15 Magnus Lillestøl og Olaug Janne Husøy - 60/375 - Endring ansvarsrett
- DS 365/15 Darlin og Oskar Hovlid 58/46 - Ferdigattest
- DS 366/15 Tømrer Prosjekt AS 60/382 - Ferdigattest for seksjon 1 og 2
- DS 367/15 Tømrer Service as - 80/30 - Endring ansvarsrettar
- DS 368/15 Ferdigattest Heid tursti del 2 - gnr 28 bnr 2 og 6 + gnr 30 bnr 1, 2, 4, 7, 9 og 11
- DS 369/15 Mellombels bruksløyve - 31/188 - seksjon nr 3
- DS 370/15 Gnr 28 Bnr 2 Frådeling av nausttomter
- DS 371/15 Gnr 53 Bnr 11 - Frådeling av bustadareal
- DS 372/15 Ferdigattest veg Myklebust til Campus - 37/496
- DS 373/15 Steinar Bendal - 29/320 - Garasje
- DS 374/15 Roy Voldsund og Monika Sande - 24/13 - Tilbygg
- DS 375/15 Ruben Bakke - 40/82 - Einebustad og garasje
- DS 376/15 Adolf Dypvik 34/147 - Løyve til oppføring av altan og utestove
- DS 377/15 Gnr 58 Bnr 1 - frådeling av festenummer 16
- DS 378/15 Øyvind Kleven 29/177 - Løyve til oppføring av altan
- DS 379/15 Ferdigattest VA/ledningsanlegg i Sævikane - 11/110 m fl.

DS 380/15 Nazem Ali Razi 21/12 - Ferdigattest for riving av brannskada hus

DS 381/15 Gnr 21 Bnr Bnr 42 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 21

DS 382/15 Gnr 26 Bnr 8 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 51

DS 383/15 Ferdigattest - 60/194

DS 384/15 Ferdigattest carport - 19/63

DS 385/15 Mellombels bruksløyve 2 etg Sunnmørsbadet

DS 386/15 Anett Skorpen Tarberg 62/2 - Ferdigattest

DS 387/15 Bjørn Leikanger - motorisert ferdsel i utmark for transport av byggevarer til sel - fornying av løyve

DS 388/15 Ferdigattest - 30/30

DS 389/15 Herøy Eigedom as - 37/78 - Riving av bustadhus

DS 390/15 Ferdigattest - tilbygg 60/345

RS 17/15

Referatsaker

Vedr. asylmottak i Herøy kommune

PS 94/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 95/15 Protokoll frå førre møte.

PS 96/15 Delegerte saker

PS 97/15 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	MARVOL	Arkivsaknr:	2015/174
		Arkiv:	11/6

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
98/15	Maritim og teknisk komite	08.12.2015

AXEL BJØRKLID 11/6 - KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 79/15 OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8

Tilråding:

Maritim og teknisk komité (MTK) opprettheld sitt vedtak i MTK-sak 79/15 datert 22.09.2015 der det vart gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og frå strandsonevernet i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 for oppføring av bustad 20 meter frå strandlinja på gnr 11 bnr 6.

Klagene vert ikkje tatt til følgje.

Klagene med tilhøyrande saksdokument vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jfr fvl § 33 fjerde ledd.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde

Axel Bjørklid, Sævik 85, 6094 Leinøy

Vedlegg:

- 1 Klagene frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen
- 2 MTK-SAK 44/15: AXEL BJØRKLID - 11/6 - DISPENSASJON FRÅ FØREMÅL I KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8, TILTAK I 100-METERSBELTET LANGS SJØ MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV NYTT HUS,
- 3 MTK-sak 79/15. Axel Bjørklid 11/6 - Klage på vedtak i MTK-sak 44/15 vedk. gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl § 1-8
- 4 Plassering av bustad/kulturminne
- 5 VEDLEGG
- 6 Dispensasjon molo/småbåthamn - gnr. 11/6.
- 7 VS: gnr 11, bnr 6 - askeladden id 92577
- 8 Byggesak 11/6 - Kart med båndlagt areal (e-post frå tiltakshavar)
- 9 Kart 1 Båndlagt areal - byggegrense – kulturminnegrenser (Vedlegg til e-post)
- 10 Kart 2 Båndlagt areal moh (vedlegg til e-post)

Saksopplysningar:

MTK vedtok i møte den 16.06.2015 i MTK-sak 44/15 at det vart gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 med sikte på oppføring av ny bustad, 5 nye naust, molo med 8 båtplassar, frådeling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg på gnr 11 bnr 6 i Sævikane i Herøy kommune.

Med brev av 25.06.2015 klaga Fylkesmannen i Møre og Romsdal på alle delar av vedtaket, med unntak av dei omsøkte nausta.

Maritim og teknisk komite handsama klaga i møte den 22.09.2015 og fatta nytt vedtak, der klagen frå Fylkesmannen vart teke delvis til følgje.

Ein fatta fylgjande vedtak:

«Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel (LNF-kan område) og byggjeforbodet i pbl § 1-8 for oppføring av bustadhus på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune.

Det vert gjeve dispensasjon på følgjande vilkår:

- *Bustadhuset må trekkjast tilbake slik det er minst 20 meter frå strandlinja*
- *Opparbeiding av veg må skje på ein måte som er mest mogleg skånsom med tanke på det omkringliggjande terrenget, og skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon*
- *Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg- og driftsavdelinga ved Herøy kommune*
- *Nye bygg må plasserast på kotehøgd minimum kote 3 moh*
- *Kotehøgde bustadhus skal vere 5-6 meter; minimum 5 meter*
- *Maksimal mønehøgde 5 meter*
- *Før frådeling og opparbeiding av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båtplassar må det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket»*

Kommunen mottok ny klage frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 16.10.2015 og ein mottok i tillegg klage frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kulturminneavdelinga 16.10.2015.

Klagen frå Fylkesmannen går ut på følgjande:

«Fylkesmannen klagar med dette på vedtaket i MTK 22.09.2015 der det blir gitt dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av bustadhus med tilførsleveg. Vilkaoret er at huset skal plasserast minst 20 meter frå strandlinja. Ut frå dette er det mogleg å bygge eit mindre hus midt oppe på neset. Fylkesmannen meiner uansett kvar huset blir plassert på neset vil dette privatisere heile neset. I tillegg vil framføring av veg medføre omfattande inngrep som vil endre landskapsbiletet i området på ein negativ måte. Vi vil difor oppretthalde vår klage som rettar seg mot oppføring av bustadhus på neset med tilførsleveg. Vi vil vise til at det er mogleg å plassere huset på ei alternativ tomt på ein annan stad på eigedomen som ikkje vil medføre slike negative konsekvensar som er grunnlaget for klagen.»

Klagen frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kulturminneavdelinga går ut på:

«Det ligg eit kjent freda fornminne idnr 92577 innanfor omsøkt område. Det nye vedtaket forhold seg ikkje til om dette vert berørt, verken direkte eller indirekte (eventuelt attstenging av utsyn m.m.).

Ein moment er forholdet til det eksisterande fornminne, som utifrå vedtaket no har fått tiltaket nærare innpå seg. Eit anna moment er forholdet til eventuelt ikkje kjende fornminne. Det kunne isolert ha vore føyd til vedtaket, slik det var i førre vedtak.

Den nye plasseringa er verken utteikna eller avklart i forhold til fylkeskommunens som kulturmynde. Tiltaket det er gitt løyve til er såleis ikkje avklara i forhold til kulturminnelova.» Dei skriver vidare at «[k]artfesting av fornminnet skal ligge inne i kommuneplanen til Herøy, men har ikkje fylgt saka.»

Vurdering og konklusjon:

Saka gjeld klage på vedtak om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og byggjeforbodet i strandsona, jfr pbl § 1-8, for oppføring av bustadhus nede på neset på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune. Huset var omsøkt plassert 10 meter frå strandlinja, men MTK fatta vedtak om dispensasjon med det vilkår at huset vert trekt tilbake og minimert i omfang slik det ligg minst 20 meter frå strandlinja.

Ein viser til at myndigheita til å gi dispensasjon ligg hos kommunen, jfr pbl § 19-4. Vilkaora for å kunne gi dispensasjon er etter pbl § 19-2 andre ledd at omsynet bak regelen det dispenserast frå eller lovens formål ikkje vert vesentleg tilsidesett, og i tillegg at det er klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon.

Ein viser og til pbl § 19-2 fjerde ledd:

«Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon frå planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssaken.»

I dette konkrete tilfellet er det imidlertid omsyn til to regionale myndigheter som er vurdert opp mot kvarandre, då store delar av det aktuelle området er båndlagt av eit automatisk freda kulturminne.

Klagen frå Fylkesmannen

Klagen frå Fylkesmannen er i tredelt. Dei viser til at dispensasjon til å plassere huset nede på neset vil privatisere heile neset, sjølv om det vert stilt vilkår om at huset må vere plassert 20 meter frå strandlinja. I tillegg viser dei til at framføring av veg vil medføre omfattande inngrep som vil endre landskapsbiletet i området på ein negativ måte. Til slutt viser dei til at det er mogleg med ei alternativ plassering på tomta.

Kommunen er enig i at neset vil verte privatisert ved at ein bygger bustad på neset, men viser til at ein ved å stille vilkår om at huset må vere minst 20 meter frå strandlinja slik som ved byggjeområde, så har ein søkt å minimere verknadane av dette i størst mogleg grad. Når det gjeld framføringa av vegen fram til bustaden, har ein søkt å minimere eventuelle negative konsekvensar av dette ved å stille vilkår om at opparbeiding av veg må skje på ein måte som er mest mogleg skånsom med tanke på det omkringliggende terrenget og at skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon. Det siste poenget frå Fylkesmannen er at det er mogleg å plassere bustaden på ein annan stad på tomta. I dette konkrete høvet er store deler av tomta båndlagt av eit automatisk freda kulturminne. Det er gjeve dispensasjon frå Riksantikvaren for framføring av veg, men resten av området på tomta er ikkje frigitt til bygging.

Klagen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje ført med seg nye moment som tilseier at ein bør fatte nytt vedtak i saka, jfr forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd.

Ut frå dette held kommunen fast på dei vurderingane som vart gjort i MTK-sak 79/15, og vil kome med nokre presiseringar til dette.

Eigedom gnr 11 bnr 6 er i si heilheit avsett til LNF-område for spreidd busetnad (SB3 – Vikane). Det er eit vilkår i føresegnene til kommuneplanens arealdel at bustadar i LNF-kan område skal vere 50 meter frå strandlinja, jfr føresegn 4.3. I dette høvet har kommunen valgt å gi dispensasjon for plassering av bustad 20 meter frå strandlinja, som er føringane for oppføring av bustad i byggjeområde, jfr føresegn 2.12. Dette er blant anna grunngeve med dei vurderingane som er vist til over, om at store deler av eigedomen er båndlagt av eit automatisk verna kulturminne id 92577 som vil vanskeleggjere alternativ plassering på tomta.

Ein viser elles til dei vurderingane som vart gjort i MTK-sak 79/15.

Klagen frå fylkeskommunen

Klagen frå Fylkeskommunen går ut på at det nye vedtaket ikkje forhold seg til om fornminnet vert berørt, verken direkte eller indirekte (evt attstenging av utsyn m.m.).

«Eit moment er forholdet til det eksisterande fornminne, som ut frå vedtaket no har fått tiltaket nærare innpå seg. Eit anna moment er forholdet til eventuelt ikkje kjende fornminne. Det kunne isolert ha vore føyd til vedtaket, slik det var i førre vedtak.»

Dei viser vidare til at den nye plasseringa ikkje er utteikna eller avklart i forhold til fylkeskommunen som kulturmynde.

Kommunen kan ikkje sjå at dette stemmer, då den omsøkte plasseringa har vore på høyring. Det vart gjeve løyve til plassering av bustad på neset i MTK-sak 44/15. Denne vart påklaga av Fylkesmannen med tanke på plassering, men ikkje Fylkeskommunen. Det er ikkje tale om ny plassering for bustaden. Den einaste endringa med denne plasseringa er at kommunen, ved å stille vilkår om at bustaden vert plassert 20 m frå strandlinja, krever at bustadhuset vert mindre i omfang.

Kommunen har i MTK-sak 79/15 gitt dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og strandsonenevernet i pbl § 1-8 for oppføring av bustad - med vilkår. Det er ikkje gjeve løyve til oppføring av bustad. Denne dispensasjonen skal danne grunnlaget for det rammeløyvet som er omsøkt. Formålet ved å gi rammeløyve er å avklare kva som må avklarast før ein kan gi igangsetjingsløyve for eit tiltak. Dette vil innebere at det i rammeløyvet sjølvstøtt vil vere vilkår som forhold seg til dei omsyn kulturminnelova skal verne om. Det er vanleg praksis at eit rammeløyve vil innehalde vilkår om at eventuelle uavklarte forhold på eigedomen må vere avklart før igangsetjingsløyve vert gjeve. I dette høvet vil eit eventuelt rammeløyve innehalde bestemmelse om at der det er behov for ytterlegare arkeologi må dette avklarast med fylkeskommunen før vidare igangsetjing kan gjevast. Ein vil også ha bestemmelse om at det under anleggsarbeidet må setjast opp sikring mot det automatisk freda kulturminnet på eigedomen.

Det er ikkje gitt løyve til oppføring av bustadhus enda, men det er gjort vedtak om dispensasjon frå arealformål og strandsonenevern for plassering av bustad nede på neset i ein avstand på 20 meter frå strandlinja. Dette inneberer at tiltakshaver må sende inn nye teikningar før kommunen eventuelt stader ut rammeløve i saka, der tiltaket er tilpassa den dispensasjonen som er gjeven. Rammeløyvet vil ha vilkår om at området som skal byggast må vere avklart i forhold til kulturminnelova før igangsetjing.

Ein viser til MTK-sak 44/15 som omhandla dispensasjon med plassering av hus på same stad. Dette vart ikkje påklaga av Fylkeskommunen med tanke på plasseringa. Det er ikkje ny plassering i samband med det nye vedtaket. Tiltaket vil ikkje kome nærare det automatisk freda kulturminnet enn det som er omsøkt og som har vore ute på høyring. Den einaste endringa i høve dette er at tiltaket må bli mindre i omfang før tiltakshavar kan få rammeløyve i samsvar med den dispensasjonen som er gjeven.

Ut frå dette kan ikkje kommunen sjå at klagen frå Møre og Romsdal fylkeskommune fører med seg nye moment som gir grunnlag for å fatte nytt vedtak i saka, jfr fvl § 33 andre ledd.

Rådmannen rår MTK til å oppretthalde sitt vedtak i MTK-sak 79/15 og gir følgjande tilråding:

Maritim og teknisk komité (MTK) opprettheld sitt vedtak i MTK-sak 79/15 datert 22.09.2015 der det vart gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og frå strandsonenevernet i pbl § 1-8 for oppføring av bustad 20 meter frå strandlinja på gnr 11 bnr 6.

Klagene vert ikkje teke til følgje.

Klagene med tilhøyrande saksdokument vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jfr fvl § 33 fjerde ledd.

Konsekvensar for folkehelse:

-

Konsekvensar for beredskap:

-

Konsekvensar for drift:

-

Fosnavåg, 16.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune

Ny klage på vedtak om dispensasjon for frådelling av bustadtomt og oppføring av bustadhus med veganlegg på gnr 11 bnr 6 - Axel Bjørklid

Fylkesmannen viser til Dykkar vedtak av 22.09.2015 sak 79/15, vår tolking av vedtaket i brev av 02.10.2015 og Dykkar svar på dette av 12.10.2015.

Vår klage gjald både bustadhuset på neset og tilførslevegen. I Dykkar brev av 12.10.2015 blir vår vurdering av at vedtaket er å oppfatte som eit avslag på å få bygge hus nede på neset imøtegått. Vi finn ut frå dette grunn til å klage på nytt. Fylkesmannen mottok Herøy kommune sitt vedtak 25.09, dvs er klagefristen 16.10.2015.

Konklusjon

Fylkesmannen klagar med dette på vedtaket i MTK 22.09.2015 der det blir gitt dispensasjon frå kommuneplanen og §1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av bustadhus med tilførsleveg. Vilåret er at huset skal plasserast minst 20 meter frå strandlina. Ut frå dette er det mogleg å bygge eit mindre hus midt oppe på neset. Fylkesmannen meiner uansett kvar huset blir plassert på neset vil dette privatisere heile neset. I tillegg vil framføring av veg medføre omfattande inngrep som vil endre landskapsbiletet i området på ein negativ måte. Vi vil difor oppretthalde vår klage som rettar seg mot oppføring av bustadhus på neset med tilførsleveg. Vi vil vise til at det er mogleg å plassere huset på ei alternativ tomt på ein annan stad på eigedomen som ikkje vil medføre slike negative konsekvensar som er grunnlaget for klagen.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klagen til følge, jf. forvaltningslova §§ 28 og 33, 2. ledd, skal saka sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling. Normalt vil saka då bli behandla av settefylkesmann oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef - plansamordning

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

fylkesrådmannen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
15/174	25.09.2015	63136/2015/DISPENSASJON/1515	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	16.10.2015

Klage på vedtak - Herøy kommune - tiltak på gbnr 11/6 - Axel Bjørklid - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Vi viser til melding av 25.9.2015 med melding om vedtak 22.9.2015 i MTK-SAK 79/15 knytt til klage på vedtak i MTK-SAK 44/15 vedk. gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel; jf. utsnitt av vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon på følgjande vilkår:

- Bustadhuset må trekkjast tilbake slik det er minst 20 meter frå strandlinja
- Opparbeiding av veg må skje på ein måte som er mest mogleg skånsom med tanke på det omkringliggjande terrenget, og skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg- og driftsavdelinga ved Herøy kommune
- Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh
- Kotehøgde bustadhus skal vere 5 -6 meter; minimum 5 meter
- Maksimal mønehøgde 5 meter
- Før frådøling og oppføring av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båtplassar må det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket

Det ligg eit kjent freda fornminne idnr 92577 innanfor omsøkt område. Det nye vedtaket forhold seg ikkje til om dette vert berørt, verken direkte eller indirekte (eventuelt attstenging av utsyn m.m.).

Ein moment er forholdet til det eksisterande fornminne, som utifrå vedtaket no har fått tiltaket nærare innpå seg. Eit anna moment er forholdet til eventuelt ikkje kjende fornminne. Det kunne isolert ha vore føyd til vedtaket, slik det var i førre vedtak.

Den nye plasseringa er verken utteikna eller avklart i forhold til fylkeskommunens som kulturmynde. Tiltaket det er gitt løyve til er såleis ikkje avklara i forhold til kulturminnelova. Vi påklagar difor vedtaket av 22.9.2015.

Kartfesting av fornminnet skal ligge inne i kommuneplanen til Herøy, men har ikkje fylgt saka.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva, tlf. 71 25 88 67 Mobil 95 94 58 35

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

AD Klagesak Axel Bjørklid - 11/6 Herøy kommune (askeladden id 92577)

Vi viser til vår klage dagsett 16.10.2015 på dykkar vedtak i overnemnde sak dagsett 22.9.2015.
De førelåg ingen kart som viste vedtaket som vart oversent.
De har 21.10.15 ettersent eit kart der tiltaket er relatert til påvist fornminne.
Vansken med dette er at det ikkje syner tiltaket i samsvar med vedtaket.
Vedtaket seier 20 m avstand mellom hus og strandsone, illustrasjonen viser 10 m.
Illustrasjonen viser ein akseptabel situasjon, med forbehold knytt til ikkje innteke registreringskrav jfr kulturminnelova § 9, om vegen berører allereie dispensert areal.
Det kan vere at også vedtaket inneber ein akseptabel situasjon, men denne har vi førebels ikkje fått førelagt oss og kan såleis ikkje forholde oss til.

mvh

Øyunn Kleiva
Arkeolog/Rådgjevar

Tlf 71258867 Mobil 95945835

Kulturavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Fra: Marie Frøystad Voldsund [mailto:marie.froystad.voldsund@heroy.kommune.no]

Sendt: 21. oktober 2015 10:46

Til: Øyunn Kleiva

Emne: Klagesak Axel Bjørklid - 11/6 Herøy kommune (askeladden id 92577)

Viser til telefonsamtale i dag og sender som avtalt saksframlegg med tilhøyrande vedlegg som danner grunnlaget for vedtaket i MTK-sak 79/15.

Helsing

MARIE FRØYSTAD VOLDSUND
Byggesakshandsamar

Tlf. 700 81 441

www.heroy.kommune.no



Axel Bjørklid

Sævik 85
6094 LEINØY

Saksnr
2015/174

Arkiv
11/6

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / LME

Dato
18.06.2015

MTK-SAK 44/15: AXEL BJØRKLID - 11/6 - DISPENSASJON FRÅ FØREMÅL I KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8, TILTAK I 100-METERSBELTET LANGS SJØ MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV NYTT HUS, 5 NYE NAUST, MOLO MED 8 BÅTPLASSER, FRÅDELING AV TOMT OG SANERING AV GAMALT KLOAKKANLEGG.

Vedlagt følger:

- MTK-sak 44/15.

Maritim og teknisk komite har den 16.06.2015 gjort slikt vedtak i saka:

«Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert gitt dispensasjon frå pbl § 1-8 tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen og frå kommuneplanens arealdel LNF-kan område.

Det vert gitt dispensasjon til oppføring av nytt bustadhus i tunløysing, 5 nye naust, molo med 8 båtplassar, frådeling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg.

Dispensasjon vert gitt på følgande vilkår:

- Der det er behov for ytterlegare arkeologi må dette avklarast før vidare igangsetting kan gjevast.
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg og driftsavdelinga – Herøy kommune.
- Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh.
- Maksimal mønehøgde 5 meter.
- Kotehøgde 5 – 6 meter, minimum 5 meter.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	Molde
Møre og Romsdal fylke	Fylkeshuset	6404	Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080	Gurskøy
Anlegg- og driftsavdelinga			



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar: EFLÅ

Arkivsaknr: 2015/174
Arkiv: 11/6

Utvalsaksnr Utval

Møtedato

AXEL BJØRKLID - 11/6 - DISPENSASJON FRÅ FØREMÅL I KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8.

TILTAK I 100-METERSBELTET LANGS SJØ MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV NYTT HUS, 5 NYE NAUST, MOLO MED 8 BÅTPASSER, FRÅDELING AV TOMT OG SANERING AV GAMALT KLOAKKANLEGG

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert gitt dispensasjon frå pbl § 1-8 tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen og frå kommuneplanens arealdel LNF-kan område.

Det vert gitt dispensasjon til oppføring av nytt bustadhus i tunløysing, 5 nye naust, molo med 8 båtplassar, frådeling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg.

Dispensasjon vert gitt på følgande vilkår:

- Nytt bustadhus skal plasserast så nært opp mot eksisterande bustadmønster i området som mogleg.
- Neset skal haldast fritt for bebyggelse.
- Der det er behov for ytterlegare arkeologi må dette avklarast før vidare igangsetting kan gjevast.
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg og driftsavdelinga – Herøy kommune.
- Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Møtebehandling i maritim og teknisk komite 16.06.2015:

Det vart halde synfaring.

Epost av 15.06.2015 frå Arve Myklebust vart utdelt.

Runar Stave (AP) kom med slik endring av rådmannen sitt framlegg om vilkår for dispensasjon:

«Pkt 1 og 2 i vert stroke.

- Maksimal mønehøgde 5 meter.
- Kotehøgde 5 – 6 meter, minimum 5 meter.»

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget frå Runar Stave (AP) vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 16.06.2015

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert gitt dispensasjon frå pbl § 1-8 tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen og frå kommuneplanens arealdel LNF-kan område.

Det vert gitt dispensasjon til oppføring av nytt bustadhus i tunløysing, 5 nye naust, molo med 8 båtplassar, frådelling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg.

Dispensasjon vert gitt på følgande vilkår:

- Der det er behov for ytterlegare arkeologi må dette avklarast før vidare igangsetting kan gjevast.
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg og driftsavdelinga – Herøy kommune.
- Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh.
- Maksimal mønehøgde 5 meter.
- Kotehøgde 5 – 6 meter, minimum 5 meter.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Axel Bjørklid, Sævik 85, 6094 Leinøy

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Herøy kommune – anlegg og driftsavdelinga, PB 274, 6099 Fosnavåg

Vedlegg:

- 01 – søknad om rammeløyve/dispensasjon
- 02 – Referat førehandskonferanse
- 03 – Uttale frå anlegg og driftsavdeling
- 04 – Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- 05 – Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- 06 – Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- 07 - Kommentar til uttalane frå Axel Bjørklid
- 08 – Sjekkliste /ros-analyse

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Axel Bjørklid har søkt rammeløyve for utvikling/utbygging av eigedomen 11/6 i Herøy kommune. Eigedomen består av to teigar. Den del av 11/6 som no vert søkt utvikla ligg innafor kommuneplanens arealdel som LNF-kan område. Eigedomen ligg nær sjø og innanfor strandsonevernet i pbl, jf § 1-8.

Det vert søkt om rammeløyve og dispensasjon frå pbl § 1-8, for oppføring av nytt bustadhus med tilhøyrande veganlegg og eit naust, 4 nye naust, bygging av molo med 8 båt plassar, frådeling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg.

Søknadsprosessen:

Det vart avholdt førehandskonferanse i saka 24.09.2014, jf vedlegg 02.

Søknad om rammeløyve med søknad om dispensasjon var innregistrert 28.01.2014 og saka vart sendt ut på brei høring til regionale høringsinstansar, 18.02.2015.

Søknaden er godt gjennomarbeidd og godt grunngjeven frå søkar sin side.

Det ligg no føre uttale frå alle høringsinstansane og saka er dermed klar til politisk handsaming i MTK.

Uttalane:

Uttale frå anlegg-og driftsavdelinga Herøy kommune av 19.03.2015:

Dei skriv i sin uttale at det er i oversende dokument vist to alternative avkjørsleløyvingar frå kommunal veg. Anleggs- og driftsavdelinga har ikkje særskilde merknader til noko av alternativa. Ein føreset imidlertid at det vert berre ei avkjørsle til eigedomen og at denne vert opparbeidd i samsvar med kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal». Ein finn rettleiinga på kommunen si heimeside.

Ein har elles ikkje merknader til saka.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 24.03.2015:

Landbrukskontoret skriv i sin konklusjon at eigeidomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom, men den er ein viktig del av det attverande kulturlandskapet i Vikane. Ut frå omsynet til kulturlandskapet har vi ingen merknad til omsøkte frådeling og utbygging av naust. Tiltaket vil vere i samsvar med slik området er utforma i dag. Vi rår til at det vert gitt løyve til frådeling, jmf. Jordlova § 12, då delinga ikkje vil føre til ulempe for landbruket.

Vi vil råde til at plasseringa av bustadhuset vert nærare eksisterande veg utan at det kjem i konflikt med kulturminna. Slik huset er plassert i søknaden vil det dominere og fragmentere kulturlandskapet på ein uheldig måte. Vegtilkomsten vert kortare ved å plassere huset nærare eksisterande veg.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 24.03.2015:

Møre og Romsdal fylkeskommune kjem med følgande merknader til saka. Dei vurderer potensialet for funn i området for høgt og vil stille krav om ny arkeologisk registrering. Søkar vert oppmoda om å ta direkte kontakt for nærmare avklaringar. Den omsøkte båthamna har «stramme linjer» og vil forringe verdien av det kulturmessige ved landskapet og prosjektet bør mjukast opp og gå i retning av mindre terrenginngrep.

Område ligg som SB3 – LNF område med høve til spreidd busetnad i ny kommuneplan. Det vert opna opp for 5 nye einingar i dette området. Omsøkt prosjekt utfordrar dette gjennom 6 nye bygg. Søknaden må vurderast opp mot reguleringsplikt, jf pbl §12-1.

Plasseringa av bustadhuset vil openbart privatisere neset som i dag er lett tilgjengeleg for ålmenta.

Konklusjon frå MR fylkeskommune:

Utifrå dei omsøkte tiltaka sitt samla omfang rår vi kommunen til å vurdere reguleringsplikta og ein rår til å ikkje gi dispensasjon til å etablere huset så langt ute på neset. Ein rår frå også hamna og moloen utifrå landskapsomsyn og at inngrepa bør kunne minskast og kulturlandskapet må sterkare vektleggast.

Det er likevel opna opp for spreidd busetnad i kommuneplanen, området framstår generelt ikkje som urørt, og Møre og Romsdal fylkeskommune vil ikkje påklage eit positivt dispensasjonsvedtak.

Uttale frå Bergen Sjøfartsmusem vedr marine kulturminne:

Museet har ingen merknader til det planlagde arealinngrepet, men minner om meldeplikta som tiltakshavar har dersom ein under arbeid finn kulturminne.

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 26.03.2015:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skriv i sin uttale at omfanget av tiltaka i denne saka vil utløyse krav om regulering. Det skal takast særlege omsyn til natur, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100- metersbeltet langs sjøen.

Fylkesmannen påpeikar ordlyden i pbl §19-2: *Etter § 19-2*

kan kommunen ikkje gi dispensasjon dersom omsyna det blir dispensert i frå blir sett vesentleg til side. Fordelane ved å gi dispensasjon må i tillegg vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Plasseringa av huset nær sjø bryt med bustadmønsteret i området. Nausta har fornuftig storleik, men FM greier ikkje å sjå at dei to bygga nær vegen, utan sjøkontakt kan kallast naust. Moloen, plasseringa av huset og veg til huset er konfliktfylt – desse tiltaka vil gjere så store inngrep at strandsoneområdet vert øydelagt og privatisert.

FM ber kommunen gjennomføre ei ROS-analyse som del av saksførebuinga.

Konklusjon frå FM:

Vil vurdere å klage på ein dispensasjon for dei delane av søknaden som gjeld molo/småbåthamn, nytt hus på holmen med vegtilkomst frå vegen og ned til neset. Søknaden er svært dårleg når det gjeld visualisering. Det er ikkje mogleg å få eit inntrykk av kor omfattande terrenginngrepsøknaden eigentlig vil medføre. Fylkesmannen meiner desse inngrepa samla sett er svært store, og vil endre område frå dagens kulturlandskap til noko som er i strid med både kommuneplanen og nasjonal strandsonepolitikk.

Vurdering:

Det omsøkte tiltaket ligg i eit område avsett til spreidd busetnad i kommuneplanens arealdel 2013-2015, jf område merka SB3. Planen opnar opp for 5 bueiningar utan krav om regulering. Både MR fylke og FM har stilt spørsmål om ikkje kommune bør vurdere reguleringskravet i denne saka. Kommunen har gjennom førehandskonferansen ikkje sett fram krav om dette og bakgrunnen for dette er arealføremålet og antal einingar . Ein viser til ordlyden i føresegna til planen som viser til begrepet bueiningar. Det omsøkte tiltaket inneheld 1 ny bueining og er slik kommune ser det i samsvar med føremålet i planen og dets føresegn, jf §4.3 område SB3 Vikane.

Med tilvisning til uttalen frå FM så har ein fylt ut sjekkliste for risiko og sårbarheits analyse. I den samanheng er det konkludert med at det ikkje er knytta nokon uakseptabel risiko til tiltaket. Ein har spesielt sett på forholdet til havstigningsnivå. Kommunen har inn mot dette nytta både TEK10 og DSB sine rapportar om havstigningsnivået i norske kommunar. Ein har sett som vilkår at nye bygg vert plassert på kote 3 moh.

Det er til denne sak tatt ein gjennomgang av sjekklista og der området vert vurdert som sårbart for ekstremver/stormflo. Dette er ivaretatt gjennom at bygga vert plasserte på minimumskote. Kopi av ROS-analyse følger som vedlegg til saka.

I førehandskonferansen kommenterte kommunen at den plasseringa som tiltakshavar ønska på den nye bustaden ville bryte med det eksisterande bygningsmønsteret i området. Ser ein av høyringsuttalelsane har dei regionale instansane klare innvendingar mot den omsøkte plasseringa. Ser ein på § 4.3 i føresegnene til kommuneplanen står det også der at nye bygg i LNF-område, der spreidd busetnad kan tillatast (SB), skal så langt som råd plasserast i nærområde til eksisterande busetnad. Det vil då i denne saka vere meir naturleg å legge omsøkt bustad lenger vekk frå sjøen og opp mot vegen slik ein bidreg til å ivareta neset og sikrar tilgjengelegheita for ålmenta i strandsona.

Kommunen har gjort sine vurderingar av dei omsøkte bygga. Sjølve bustadhuset er utforma som ei tun-løysing med små samansette bygg. Slik sett vil dette vere i samsvar med kulturmiljøet og utifrå ei samla vurdering godt tilpassa om ein trekk tunet nærmare vegen. Naustbygga er i tråd med FM sine retningslinjer for naustbygg, 40m².

Moloen og utmudringa vil medføre eit rimeleg omfattande terrenginngrep. Tiltaket har vore til uttale til AD som er den lokale hamnemyndigheita. Dei har ingen merknader knytt til tiltaket då med omsyn til farleida og tilflottmoglegheitene. Når det gjeld i kva grad terrenginngrepa vil påverke andre forhold vert det konkludert med at det utifrå tilgjengelege kartbasar ikkje er registrert noko særlege miljøverdiar i området utover kulturlandskapet og strandsonemiljøverdien i seg sjølv. Med bakgrunn i at ingen særlege miljøverdiar er registrert i området og at det i kommuneplanen ligg som SB område kan ein konkludere med at tiltaket ikkje vil resultere i noko uforsvarleg belastning og/eller innebere nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jf naturmangfaldlova §§8-10.

Saka er og sendt kystverket men dei har ikkje kome med uttale i saka.

Del av søknaden går på sanering av kloakkanlegg og få på plass eit nytt. Dette er særst positivt og vil bidra til eit betre kystmiljø og fleire bustadbygg kan verte tilkobla og såleis vil ein få ein betydeleg miljøgevinst for området.

Kommunen har fått merknadar frå nabo at dagens anlegg ligg for lavt og det nye anlegget må difor dimensjonerast og leggest på eit slik nivå at ein unngår dette.

Konklusjon:

Axel Bjørklid har søkt om ein utnytting av sin eigedom gnr 11, bnr 6 i Herøy kommune. Han vil bebygge den med nytt bustadhus, 5 nye naust, molo med 8 båtplassar og nytt kloakkanlegg, søknaden gjeld også frådeling av grunn.

Utifrå ei samla vurdering så rår ein til å gi dispensasjon frå pbl § 1-8 og tillate bygging av bustadhus på eigedomen nærmare vegen i tråd med bustadmønsteret.

Med ei plassering opp mot vegen vurderer ein det til at omsynet bak gjeldande arealplan og omsyn til pbl § 1-8 er ivaretatt.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon på vilkår slik det kjem fram av innstillinga.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 08.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Axel Bjørklid

Saksnr 2015/174	Arkiv 11/6	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar DOK / BRB	Dato 25.09.2015
--------------------	---------------	------------	---------------------------------	--------------------

**MTK-SAK 79/15. AXEL BJØRKLID 11/6 - KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 44/15
VEDK. GITT DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL §
1-8**

Vedlagt følger MTK-sak 79/15.

Maritim og teknisk komite gjorde i møte 22.09.2015 slikt vedtak i saka:

Maritim og teknisk komite tek klagen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 25.06.2015 delvis til følgje, og endrar sitt vedtak i tråd med tilrådinga frå Rådmannen.

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel (LNF-kan område) og frå byggjeforbodet i i pbl § 1-8 for oppføring av bustadhus på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune.

Det vert gjeve dispensasjon på følgjande vilkår:

- *Bustadhuset må trekkjast tilbake slik det er minst 20 meter frå strandlinja*
- *Opparbeiding av veg må skje på ein måte som er mest mogleg skånsom med tanke på det omkringliggjande terrenget, og skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon*
- *Nytt kloakkanlegg må dimensjonast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg- og driftsavdelinga ved Herøy kommune*
- *Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh*
- *Kotehøgde bustadhus skal vere 5 -6 meter; minimum 5 meter*
- *Maksimal mønehøgde 5 meter*
- *Før frådelling og oppføring av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båtplassar må det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket*

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylke
Søre Sunnmøre Landbrukaskontor
Anleggs- og driftsavdelinga, her



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	MARVOL	Arkivsaknr:	2015/174
		Arkiv:	11/6

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
79/15	Maritim og teknisk komite	22.09.2015

AXEL BJØRKLID 11/6 - KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 44/15 VEDK. GITT DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8 MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV NYTT HUS, 5 NYE NAUST, MOLO MED 8 BÅTPLASSAR, FRÅDELING AV TOMT OG SANERING AV GAMALT KLOAKKANLEGG

Tilråding:

Maritim og teknisk komite tek klagen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 25.06.2015 delvis til følgje, og endrar sitt vedtak i tråd med tilrådinga frå Rådmannen.

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel (LNF-kan område) og frå byggjeforbodet i i pbl § 1-8 for oppføring av bustadhus på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune.

Det vert gjeve dispensasjon på følgjande vilkår:

- Bustadhuset må trekkjast tilbake slik det er minst 20 meter frå strandlinja
- Opparbeiding av veg må skje på ein måte som er mest mogleg skånsom med tanke på det omkringliggjande terrenget, og skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg- og driftsavdelinga ved Herøy kommune
- Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh
- Kotehøgde bustadhus skal vere 5 -6 meter; minimum 5 meter
- Maksimal mønehøgde 5 meter

- Før frådelling og oppføring av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båtplassar må det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

Møtebehandling:

Stig Arne Helsem Sævik reiste habilitetsspørsmål. Han er part i saka. Han går frå under handsaming av habilitet.

Stig Arne Helsem vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, FVL § 6, 1.ledd, bokstav a.

Brev frå tiltakshavar datert 18.09.2015 vart delt ut i møte.

Brev frå tiltakshavar v/arkitekt Ivar Sulebakk datert 21.09.2015 vart delt ut i møte. Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og sakshandsamar utviklingsavdelinga Marie Frøystad Voldsund møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 22.09.2015

Maritim og teknisk komite tek klagen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 25.06.2015 delvis til følgje, og endrar sitt vedtak i tråd med tilrådinga frå Rådmannen.

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel (LNF-kan område) og frå byggjeforbodet i i pbl § 1-8 for oppføring av bustadhus på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune.

Det vert gjeve dispensasjon på følgjande vilkår:

- Bustadhuset må trekkjast tilbake slik det er minst 20 meter frå strandlinja
- Opparbeiding av veg må skje på ein måte som er mest mogleg skånsom med tanke på det omkringliggjande terrenget, og skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg- og driftsavdelinga ved Herøy kommune
- Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh
- Kotehøgde bustadhus skal vere 5 -6 meter; minimum 5 meter
- Maksimal mønehøgde 5 meter
- Før frådelling og oppføring av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båtplassar må det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven

og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Axel Bjørklid
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylke
Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Anlegg- og driftsavdelinga

Sævik 85
Fylkeshuset
Fylkeshuset
Dragsundvegen 6
her

6094 Leinøy
6404 Molde
6404 Molde
6080 Gurskøy

Vedlegg:

- 1 Klage på vedtak om dispensasjon for frådelling, oppføring bustadhus, molo, flytebrygger.
- 2 Plassering av bustad/kulturminne
- 3 MTK-SAK 44/15: AXEL BJØRKLID - 11/6 - DISPENSASJON FRÅ FØREMÅL I KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8, TILTAK I 100-METERSBELTET LANGS SJØ MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV NYTT HUS,
- 4 VEDLEGG
- 5 Dispensasjon molo/småbåthamn - gnr. 11/6.
- 6 VS: gnr 11, bnr 6 - askeladden id 92577

Saksopplysningar og bakgrunn for saka:

Maritim og teknisk komite (MTK) vedtok i møte den 16.06.2015 (MTK-sak 44/15) at det vart gjeve dispensasjon frå føremålet i kommuneplanens arealdel og plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 med sikte på oppføring av ny bustad, 5 nye naust, molo med 8 båtplassar, frådelling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg på gnr 11 bnr 6 i Sævikane i Herøy kommune.

Vedtaket i saka hadde følgjande ordlyd:

«Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert gitt dispensasjon frå pbl § 1-8 tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen og frå kommuneplanens arealdel LNF-kan område.

Det vert gitt dispensasjon til oppføring av nytt bustadhus i tunløysing, 5 nye naust, molo med 8 båtplassar, frådelling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg.

Dispensasjon vert gitt på følgjande vilkår:

- Der det er behov for ytterlegare arkeologi må dette avklarast før vidare igangsetting kan gjevast.
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg og driftsavdelinga – Herøy kommune.
- Nye bygg må plasserast på kotehøgde minimum kote 3 moh.
- Maksimal mønehøgde 5 meter.
- Kotehøgde 5 – 6 meter, minimum 5 meter.»

Med brev av 25.06.2015 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal klaga på ovannemnde vedtak.

Søknaden og søknadsprosessen:

Axel Bjørklid søkte den 28.01.2015 om rammeløyve for utbygging av eigedom 11/6 i herøy kommune. Eigedomen består av to teigar. Den del av 11/6 som no vert søkt utvikla ligg innanfor kommuneplanens arealdel som LNF-kan område. Eigedomen ligg nær sjø og innanfor strandsonevernet i pbl § 1-8.

Det vert søkt om rammeløyve og dispensasjon frå pbl § 1-8 for oppføring av nytt bustadhus med tilhøyrande veganlegg og eit naust, 4 nye naust, bygging av molo med 8 båt plassar, frådelling av tomt og sanering av gammalt kloakkanlegg.

Det vart avhold førehandskonferanse i saka 24.09.2014, jfr vedlegg 04 (s 18). Søknad om rammeløyve med søknad om dispensasjon vart innregistrert 28.01.2015 og saka vart sendt på brei høyring til regionale instansar 18.02.2015. Søknaden er godt gjennomarbeidd og godt grunngeven frå søkar sin side. Det låg føre uttale frå alle høyringsinstansar før møtet i MTK 16.06.2015, og saka var klar til politisk handsaming.

Maritim og teknisk komite var på synfaring på den aktuelle eigedomen i forkant av møtet. På synfaringa fekk dei sjå tomta og tiltakshavar hadde merka opp delar av dei omsøkte tiltaka samt sett i opp del av huset i nesten fullskala.

Klagen:

Fylkesmannen viser i sin klage til fråsegna dei kom med den 26.03.2015, der dei varsla at dei ville klage på eit positivt vedtak om dispensasjon, og klagar med dette på oppføring av hus ut på neset, tilførselsveg og for etablering av molo og 8 båt plassar. Klaga omfattar ikkje nausta.

Fylkesmannen peikar på at dei ikkje kan sjå at MTK har grunngeve dispensasjonsvedtaket i det heile. Ettersom kommunen nyleg har vedteke ny kommuneplan med arealdel meiner dei at dette burde vore tillagt stor vekt.

Fylkesmannen si vurdering:

Plassering og utforming av huset vil privatisere heile neset. Dette fordi neset er relativt lite og at utforminga av huset er ei uvanleg og arealkrevjande form. Tilkomstvegen til huset vil også medføre store inngrep då det må fyllast opp mykje for å sikre god tilkomst til neset. Fylkesmannen (FM) antyda i si fråsegn at fyllinga kan bli opp mot 1,5 meter, noko kommunen ikkje har kommentert i sitt vedtak. Neset er etter FM si vurdering einaste staden for dei som bur i nærleiken å kome til fine svaberg ved sjøen i nærområde.

FM stiller også spørsmålsteikn ved om ikkje huset må hevast ytterlegare for å få nok fall i høve kloakkering. Dette vil i så tilfelle gjere huset enda meir dominerande på neset enn opplyst i søknaden.

I tillegg til desse delane av søknaden, klagar FM også på vedtaket om å få byggje ein molo med plass til 8 båtar. Normalt ser ein positivt på det at ein får flest mogleg båt plassar slik at ein kan samle inngrepa. I dette høvet meiner imidlertid FM at lokaliseringa av ei slik hamneløysing vil medføre store naturinngrep med utskyting, mudring, oppmudring mv, og at det vil endre eit fint småskala kulturlandskap i strandsona totalt. Lokaliseringa av moloar/småbåthamner må avklarast på kommuneplannivå, og i den nyleg vedteke kommuneplanen skal det ikkje vere slik hamn der. FM viser til at det er ein privatperson som står bak ein omfattande søknad der bustadhus med tilførsleveg, 5 naust og molo med 8 båt plassar inngår. Det

presiserast at FM ikkje ynskjer å klage på nausta, men viser til at summen av heile utbygginga vil endre området i stor grad og etter FMs oppfatning gje ein stor grad av privatisering av neset og bukta innanfor etablering av privat molo. Søknaden har eit vedlegg som viser plasseringa av dei ulike bygga og moloen, men det er ikkje mogleg å få eit godt inntrykk av korleis summen av dette vil verke inn på landskapsbilete. Dette gjeld spesielt dei tiltaka FM klagar på.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen tilrår at MTK tek klagen til Fylkesmannen delvis til følgje, og fattar nytt vedtak i saka.

Søknaden gjeld som nevnt oppføring av eit bustadhus, 5 nye naust og ein molo og småbåthamn med 8 båt plassar, på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune.

I samband med dette søkjast det om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og strandsonevernet i pbl § 1-8. Søknaden er todelt.

For det fyrste søkjast det om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og byggjeforbodet i strandsona, jfr pbl § 1-8 for oppføring av bustadhus 10 meter frå strandlinja på gnr 11 bnr 6.

For det andre søkjast det om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og byggjeforbodet i strandsona, jfr pbl § 1-8 for oppføring av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båt plassar i sjøen på gnr 11 bnr 6.

Vilkår for å kunne gi dispensasjon finn ein i pbl § 19-2 andre ledd og er todelt. For det fyrste må omsynet det dispenserast frå ikkje verte vesentleg tilsidesett, og for det andre må fordelane ved ein dispensasjon vere klart større enn ulempene.

Huset:

Det søkjast om oppføring av bustadhus med tilhøyrande vegareal i eit område som er avsett til LNF-område for spreidd busetnad (SB) og som er plassert 10 meter frå strandlinja.

1

Fyrste spørsmål er om omsynet bak arealformålet i kommuneplanens arealdel vert vesentleg tilsidesett ved ein dispensasjon.

Omsynet bak LNF-kan formålet er å opne for bustadbygging i områder der det er lagt til rette for dette, under vilkår at bustadtomter ikkje vert plassert på dyrka jord.

Det ligg føre uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor som viser til at eigedomen består av 4,3 dekar med innmarksbeite, og anna areal på 90,4 dekar. Dei viser til at eigedomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom, men er ein viktig del av det attverande kulturlandskapet i Vikane. Landbrukskontoret rår til at plasseringa av huset vert nærare eksisterande veg utan at det kjem i konflikt med kulturminna. Dei

meiner at huset er plassert på ein måte som vil dominere og fragmentere kulturlandskapet på ein uheldig måte. Dessutan vil vegtilkomsten verte kortare ved å plassere huset nærare eksisterande veg, og soleis medføre mindre terrenginngrep.

Slik det kjem fram av dette vil omsynet verte tilsidesatt, men ein viser til den høge terskelen jfr «vesentlig». Landbrukskontoret viser til omsynet til kulturlandskapet i denne samanheng. Dersom ein skal plassere huset nærare vegen må huset verte plassert på same staden som den eksisterande Sunnmørsstova ligg. Det vil ifølgje Kulturminneavdelinga ved Møre og Romsdal fylke også kunne forringe det automatisk freda kulturminnet om ein plasserar huset for nært opp mot dette. Ei plassering av bustaden her vil også kunne vanskeleggjere den planlagte utbygginga av nausta på tomta. Ein må soleis vurdere motstridane omsyn opp mot kvarandre i denne saka.

Etter ei heiltheiteg vurdering har administrasjonen kome til den konklusjon at omsynet bak arealformålet ikkje vert «vesentlig tilsidesatt».

Neste spørsmål er om det er fleire fordelar enn ulemper ved å dispensere frå arealformålet i dette høvet.

Ved ein dispensasjon får ein etablert ein ny bustad på eit område som er avsett til LNF-kan område – altså eit område som det i utgangspunktet er opna for at ein skal kunne bebygge. Det har blitt avklart gjennom nøye vurderingar at den beste plasseringa av bustaden er nede på neset, då store områder lenger oppe på tomta er automatisk freda etter kulturminnelova, jfr vedlegg 03. Ein stiller vilkår om at tilkomstvegen skal opparbeidast på ein mest mogleg skånsom måte med tanke på det omkringliggende terrenget, og at skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon. Dette er med på å minimere eventuelle ulemper ved tiltaket.

Ein vurderer det slik at det er klart at det er større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon i dette høvet.

Vilkår for å gi dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel er innfridd.

2

Neste spørsmål er om omsynet bak pbl § 1-8 vert vesentleg tilsidesett ved ein dispensasjon for oppføring av bustadhus 10 meter frå strandlinja.

Omsynet bak byggjeforbodet i 100-metersbeltet er å halde den nære strandsona fri for bebyggelse og konstruksjonar. Forbodet er grunngjeve med omsynet til ålmenta sine interesser, særleg ferdsels- og friluftinteresser, og også landskapsomsyn og verneinteresser.

Kommunen kan gjere unntak frå forbodet gjennom planlegging, enten ved reguleringsplan eller i kommuneplanens arealdel. I dette tilfellet er området uregulert, men avsett til LNF-område for spreidd busetnad heilt ned til strandlinja. Det er soleis kommuneplanens arealdel som er gjeldande. Herøy kommune har fastslått følgjande i føresegnene til kommuneplanens arealdel pkt 2.12 «Tiltak langs sjø og vassdrag»:

«I byggjeområde er det ikkje tillate å gjennomføre tiltak etter Pbl § 1-6 inntil 20 meter frå strandlinja, dersom det ikkje anna er bestemt i reguleringsplan.»

Her har ein opna opp for bygging inntil 20 meter frå strandlinja utan at det vert stilt krav om reguleringsplan. Ut frå dette vert Rådmannen si tilråding av bustadhuset vert trekt litt tilbake, slik at det vert plassert minimum 20 meter frå strandlinja. Dersom ein trekkjer bustadhuset lenger bak, vil ikkje strandsonevernet verte vesentleg tilsidesett sidan det er i samsvar med føresegnene til kommuneplanens arealdel. Ein får fortsatt sikra ferdsel i strandsona, då tiltaket ikkje vil privatisere området i like stor grad.

Bustadhuset skal soleis plasserast minimum 20 meter frå strandlinja. Då vert ikkje omsynet bak strandsonevernet vesentleg tilsidesett sidan det er i samsvar med føresegnene til kommuneplanens arealdel.

Neste spørsmål er om det er klart fleire fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon i dette høvet.

Ein har gjort grundige vurderingar med tanke på plassering av bustad i dette høvet. Grunna det store området på eigedomen som er freda etter kulturminnelova, er det begrensa kvar ein kan plassere eit nytt bustad på tomte. Ein har kome fram til at det reelt sett kun er to alternativ til plassering av bustad på tomte grunna terrenghøva og plasseringa av kulturminnet, jfr vedlegg 02.

Det eine alternativet er å plassere huset der eksisterande Sunnmørsstova er plassert no, aust for kulturminnet. Då vil ein få bustaden nærare eksisterande veg. Ein må imidlertid måtte rive Sunnmørsstova og heve terrenget for å få til dette. Ein vil også kome nærare strandlinja i dette høvet. Sjølv om ein i dette høvet vil få behalde neset fritt for bebyggelse, vil ein til gjengjeld måtte rive Sunnmørsstova som er eit Sefrakbygg som tiltakshavar har ytra ønske om å behalde og renovere. I tillegg vil det skape vanskar for den omsøkte etableringa av nye naust og småbåthamna.

Det andre alternativet er å plassere huset nede på neset som omsøkt. Dette vil medføre andre inngrep då ein må etablere veg heilt ned til neset. I tillegg vil ein privatisere eit område som til no står som urørt område i strandsona. Som ein har vist til over, vil ein søke å minimere det dominerande uttrykket ved etablering av tilkomstvegen ved å setje som vilkår at etablering av veg skal skje på ein mest mogleg skånsom måte, og at ein må tilså grøfter ol med stadbunden vegetasjon. I tillegg viser ein til at Rådmannen stiller vilkår om at bustaden vert trekt litt tilbake, slik at det er minst 20 meter frå bustaden til strandlinja. Ved å plassere bustaden nede på neset, får ein behalde det automatisk freda kulturminnet mest mogleg urørt, og bevarar ei viktig kulturarv utan at den vert forringa ved at ein plasserar ein bustad nært inntil det. I tillegg vil ein ikkje setje stoppar for den vidare frådelinga og utbygginga av naust og småbåthamn om ein plasserar huset nede på neset.

Etter ei grundig vurdering anser ein det slik at det er klart større fordelar enn ulemper med ein dispensasjon frå pbl § 1-8 i denne konkrete saka.

Vilkår for dispensasjon frå strandsonevernet i pbl § 1-8 vert soleis vurdert for å vere oppfylt.

Molo, naust og småbåtplassar:

Rådmannen har vurdert søknaden på nytt etter klagen frå Fylkesmannen. Fylkesmannen påpeiker at lokalisering av moloar/småbåthamner må avklarast på kommuneplannivå, og at det ikkje er opna for slik hamn i nyleg vedteken kommuneplan i dette høvet. Rådmannen er einig i denne vurderinga. Området er avsett til LNF-kan område, og ein kan ikkje sjå at naust/molo/småbåthamn i denne skala inngår i omsynet til arealformålet. Det skal ikkje vere kurant å få dispensasjon frå nyleg vedteken arealplan, og ein må handsame dette strengt. Også omsynet til stransonevernet vert i dette høvet vesentleg tilsidesett ved at det vert gjort store inngrep i samband med dette, utan at det ligg føre reguleringplan. Det oppstår fleire spørsmål i samband med dette, som ein bør få avklart i ein reguleringsprosess.

Det vert soleis stilt vilkår om utarbeiding av reguleringsplan for frådelling og oppføring av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båtplassar på gnr 11 bnr 6 i Sævikane i Herøy kommune.

Konklusjon:

Rådmannen rår Maritim og teknisk komite til å ta klagen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 25.06.2015 delvis til følgje, og endre sitt vedtak i tråd med fylgjande tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel (LNF-kan område) og frå byggjeforbodet i i pbl § 1-8 for oppføring av bustadhus på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune.

Det vert gjeve dispensasjon på følgjande vilkår:

- Bustadhuset må trekkjast tilbake slik det er minst 20 meter frå strandlinja
- Opparbeiding av veg må skje på ein måte som er mest mogleg skånsom med tanke på det omkringliggjande terrenget, og skjeringar og grøfter skal framstå som grøn skråning med stadeigen vegetasjon
- Nytt kloakkanlegg må dimensjonerast slik at det ivaretek krav til utslepp og godkjennast av Anlegg- og driftsavdelinga ved Herøy kommune
- Nye bygg må plasserast på kotehøgd minimum kote 3 moh
- Kotehøgde bustadhus skal vere 5 -6 meter; minimum 5 meter
- Maksimal mønehøgde 5 meter
- Før frådelling og oppføring av 5 naust, molo og småbåthamn med 8 båtplassar må det utarbeidast reguleringsplan for tiltaket

Konsekvensar for folkehelse:

-

Konsekvensar for beredskap:

-

Konsekvensar for drift:

-

Fosnavåg, 09.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund


Plassering av bustad

Kulturminne



1:1000

11.09.2015



© Kartverket

Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

01



Søknad om tillatelse til tiltak
etter plan- og bygningsloven § 20-1

Rammetillatelse

Ett-trinns søknadsbehandling

Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd? Ja Nei

Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søker

Foreligger sentral godkjenning? Ja Nei

Hvis nei, vedlegg byggblankett 5159.

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? Ja Nei

Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsettelse av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? Ja Nei

Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsettelse av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Søknaden gjelder						
Elendom/ byggsted	Gnr. 11	Bnr. 6	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr. Kommune Herøy
	Adresse Sævik 85				Postnr. 6094	Poststed Leinøy
Planlagt bruk/formål	<input checked="" type="checkbox"/> Bolig <input type="checkbox"/> Fritidsbolig <input type="checkbox"/> Garasje <input checked="" type="checkbox"/> Annet: ¹ Beskriv Naust og molo					Bygn.typekode (jf. s. 2)
Tiltakets art pbl § 20-1 (flere kryss mulig)	Nye bygg og anlegg		<input checked="" type="checkbox"/> Nytt bygg *)	<input type="checkbox"/> Parkeringsplass *)	<input checked="" type="checkbox"/> Anlegg	<input checked="" type="checkbox"/> Veg <input type="checkbox"/> Vesentlig terrenginngrep
	Endring av bygg og anlegg		<input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *)	<input type="checkbox"/> Fasade		
			<input type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Reparasjon	<input type="checkbox"/> Ombygging	<input type="checkbox"/> Anlegg
	Endring av bruk		<input type="checkbox"/> Bruksendring	<input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift		
	Riving		<input type="checkbox"/> Hele bygg *)	<input type="checkbox"/> Deler av bygg *)	<input type="checkbox"/> Anlegg	
	Bygn.tekn. installasj.**)		<input type="checkbox"/> Nyanlegg *)	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Reparasjon	
	Endring av bruksenhet i bolig		<input type="checkbox"/> Oppdeling	<input type="checkbox"/> Sammenføyning		
	Innhegning, skilt		<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.		
	Oppretting/endring av matrikkelenhet ***)		<input checked="" type="checkbox"/> Grunneiendom *)	<input type="checkbox"/> Anleggseiendom	<input type="checkbox"/> Festegrunn over 10 år	<input type="checkbox"/> Arealoverføring
	*) Byggblankett 5175 fylles ut og vedlegges. (Vedlegg gruppe A)		**) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak.		***) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Behandles etter matrikkelloven. Registrert eier underskriver i feltet for tiltakshaver.	

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon (Byggblankett 5175)	A	1 - 2	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (Kvittering for nabovarsel/Opplysninger gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader)	C	1 - 3	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjørselsplan bygning/eiendom	D	1 - 2	<input type="checkbox"/>
Tegninger	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Redegjørelser/kart	F	1 - 5	<input type="checkbox"/>
Søknad om ansvarsrett/gjennomføringsplan	G	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Boligspesifikasjon i Matrikkelen	H	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	1 - 3	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	1 - 1	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.

Ansvarlig søker for tiltaket		Tiltakshaver	
Foretak	Org.nr.	Navn Axel Bjørklid	
Adresse		Adresse Sævik 85	
Postnr.	Poststed	Postnr. 6094	Poststed Leinøy
Kontaktperson	Telefon	Mobilttelefon	Eventuelt organisasjonsnummer
E-post		E-post Bjorklid. Axel@gmail.com	Telefon (dagtid) 95814753
Dato	Underskrift	Dato 27/1-15	Underskrift <i>Axel Bjørklid</i>
Gjentas med blokkbokstaver		Gjentas med blokkbokstaver AXEL BJØRKLID	

Vedlegg A2

Vedlegg til blankett 5175 – Beskrivelse av tiltakets ytre rammer

Eiendommen gbnr 11/6 består av 94 daa, fordelt på to teiger. Hvorav teig 1 er på ca 10 daa, og er beliggende innenfor det som i kommuneplanens arealdel er avsatt til LNF – ja område. Teig 2 er en utmarksteig vest på Remøy, bestående av ca 84 daa.

Den delen av eiendommen som søkes utnyttet er teigen på ca 10 daa. Av dette søkes det fradelt ca 1 daa til felles naustområde for aktuelle naboeiendommer, se beskrivelse i begrunnelse for dispensasjonssøknad, vedlegg B 1. Området som søkes fradelt er vist med forslag til ny eiendomsgrense i plan for molo og naust, stiplet med rødt, vedlegg D2. Det er den østlige delen av eiendommen gbnr 11/6 som søkes fradelt.

Når det gjelder utnyttingsgrader står det i dag et gammelt hus på eiendommen med en grunnflate på ca 50 kvm og et gammelt naust med grunnflate på ca. 40 kvm. Det søkes om å føre opp fem enkle naust a 40 kvm, med grunnflate på 5*8 meter, til sammen 200 kvm naust. Det søkes ikke om parkeringsareal, se begrunnelse i dispensasjonssøknaden, vedlegg B1. Videre søkes det om å sette opp et nytt hus, se vedlegg D1. Huset har en grunnflate på ca 150 kvm, inkludert garasje plass og gård over et plan.

Til sammen søkes det om å sette opp 350 kvm bygningsmasse.

Summen av eksisterende bygninger og omsøkte bygninger utgjør ca 440 kvm.

Vedlegg B 1

Det søkes herved dispensasjon fra forbudet mot tiltak langs sjø pbl § 1- 8 for oppføring av nytt hus med adkomst, 5 nye naust, molo med åtte båtplasser, fradeling av tomt og sanering av gammelt kloakkanlegg på gnr 11 bnr 6 i Herøy kommune.

I arealdelen til kommuneplanen framgår det at området er satt av til LNF - ja område i arealdelen av kommuneplanen fra 2013 til 2025. Med fradeling av opptil 6 tomter den neste perioden. Det er dermed lagt opp til at området kan benyttes til boligformål.

Søknaden er to-delt.

1. Del 1 er oppføring av nytt hus med tilhørende naust og veganlegg. Vedlegg D1.
2. Del 2 er oppføring av molo med 8 båtplasser, 4 nye naust og sanering av kloakkanlegg. Vedlegg D2.

Del 1 – se vedlegg D1:

1. Behov og begrunnelse for plassering av nytt bolighus på eiendommen.

Når en velger å bosette seg i Herøy er det fri utsikt og nærhet til sjø og hav som er avgjørende kvaliteter. Eiendommen gnr 11/6 er et eldre småbruk opprettet rundt 1860. Hele eiendommen ligger i dag innenfor 100 metersbeltet og er jf. kommuneplanens arealdel utlagt til LNF - ja område. Eiendommen er bebygget på alle kanter og alle nabohusene ligger innenfor 100 metersbeltet, vedlegg F 1 og F2. Området er bebygget med en blanding av moderne og eldre bolighus bygget i et tidsspenn fra 1860 tallet til tidlig 2000tall.

Huset som står på eiendommen i dag er et eldre Sunnmørshus på 5 x 10 meter fra 1860 – tallet. Huset er i dårlig forfatning – uten innlagt strøm og vann. Men pent beliggende i et vakkert kulturlandskap. Huset skal settes i stand og beholdes i sin opprinnelige form, men bygningen vil uansett ikke tilfredsstillende dagens krav til et bolighus.

Det er i tillegg gjort verneverdige funn på eiendommen og deler av denne er båndlagt etter kulturminneloven, men det er gitt tillatelse til framføring av vei og massutskifting av myren rundt huset, vedlegg I1. Tomtens beskaffenhet gjør at det er begrensede muligheter for oppføring av nytt hus uten å komme i konflikt med kulturminnene. Det er derfor neset mot sør som peker seg ut som det beste alternativet for oppføring av det nye huset. Ved å legge huset her vil den eksisterende bygningen, det gamle Sunnmørshuset, bestå i det opprinnelige kulturlandskapet og det vil ikke oppstå konflikt med området som er båndlagt etter kulturminneloven.

Neset er en flott tomt med utsyn mot havet i vest og med de beste solforholdene eiendommen kan by på. Ved å bygge og plassere det nye huset som vist på vedlegg D1 vil huset være tilpasset terrenget og omgivelsene, uten behov for sprenging. Det blir bygget på ett plan, med en mønehøyde på ca 4,5 meter og beliggende på ca kote 6. Huset blir bygget med livsløpsstandard og materialvalg som gjenspeiles i terrenget rundt. Ved å sette den nye boligen sammen av flere små hus oppnår en gode, lune og private uteplasser som skjermer for vinden.

Ut i fra eiendommens arrondering og stedets øvrige bebyggelse, er eiendommen utsatt for innsyn fra naboene. Dette vil ikke være tilfellet dersom huset blir lagt på neset. Neset er også det eneste stedet på eiendommen som ikke er båndlagt etter kulturminneloven og som samtidig har tilfredsstillende høyde over havet.

Ettersom området er bebygget av private eneboliger og adkomsten til neset er begrenset over tunet på det eksisterende huset legges det til grunn at en plassering av huset på neset ikke vil forringe allmenhetens tilgang på strandsonen. Det vises også til at det er kilometervis med tilgjengelige strandlinje og utmarksområder 200 meter unna.

2. Oppføring av nytt naust i tilknytning til det nye huset.

Plassering av det nye naustet slik det er omsøkt vil være funksjonelt i forholdt til den planlagte moloen og havnen, og det vil være plassert i tilknytning til slipen. Det vil også gi en god sammenheng mellom det nye og det gamle huset. Naustet er på størrelse med de øvrige naustene i området, grunnflate på 5 x 8 meter og med en mønehøyde på 4,5 meter.

Del 2 – se vedlegg D2 og D2_snitt:

3. Behov for og begrunnelse for molo, naust og kloakksanering.

Tilgang til sjø er bokvalitet. Gbnr 11/6 har i dag en strandlinje som egner seg vært godt for oppføring av molo. Det vil bli en lun og god havn som er skjermet for vær og vind og som vil gli godt inn i terrenget.

Slik eiendommen ligger i dag er det umulig å ha båt liggende ute. Det er for værhardt på de strekningene av strandlinjen der det er god nok dybde. Området er fra gammelt av brukt til naust og landing av båt, slik at et mol oanlegg her vil være en modernisering av en allerede festnet bruk.

Området som søkes oppmudret og utsprengt er i dag tørt land på fjære sjø, se vedlegg F3 og F4. Dybden i havnen vil minimum være 2 meter på fjære sjø. Dersom det er behov for å ta mer masse vil det bli skutt dypere. Seilingsleden vil gå i en eksisterende renne i sjøgrunnen men vil måtte mudres og skytes ut til en bredde på 4 meter, og 2 meters dybde på fjære sjø.

4. Ett felles tiltak som vil gi flere eiendommer tilgang til sjø og økt trivsel for hele området

De øvrige eiendommene i området ytterst i Sævika har også begrenset med tilgang til sjøen. Det er derfor lagt til rette for å føre opp fire nye naust og 5 båtplasser som tilbys solgt til naboer med gangavstand til fjæren i Sævika. Naustene bygges som kopier av de naustene som står i dag. Enkle naust med grunnflate 5x8 meter og en mønehøyde på ca 4,5 meter.

Naust- og moloområdet organiseres som et realsameie med eksklusiv bruksrett til naust og båtplass for de eiendommene som kjøper seg inn i anlegget. Kravet for å kunne kjøpe seg inni anlegget er at en har gangavstand til anlegget. Det vil dermed ikke føre til økt trafikk, og det vil heller ikke være behov for parkering. Planene om molo og naust er forelagt en del av de aktuelle naboene og det er positive tilbakemeldinger. Kommunen må stille krav om at det bare er tilliggende eiendommer som kan kjøpe naust og båtplass ved en eventuell

fradelingstillatelse. På den måten vil en kunne kontrollere at tiltaket ikke medfører økt trafikk. Dersom det ikke melder seg kjøpere til naustene og båtplassene vil de ikke bli bygget.

Aktuelle kjøpere av båtplass/naust er: gbnr 11/16, 11/22, 11/52, 11/106, 11/126, 11/136, 11/137, 11/149. Båtplassene - 8 stk i flytebrygge - vil ha ca 2,5 meters bredde og være beregnet for mindre båter.

5. Behov for kloakksanering for flere eiendommer.

Det er gamle avløpsrør fra kloakk i fra gbnr 11,6, 11/16, 11/18, 11/21, 11/22 og 11/52 som renner ut i flomålet innerst i viken på gbnr 11/6. Dette er gamle anlegg som ikke tilfredsstillers dagens krav til avløpshåndtering og dette må utbedres. Slik forholdene er i dag medfører det lukt og ubehag. Viken innbyr heller ikke til bading og bruk. I forbindelse med molotiltaket vil de gamle avløpsrørene bli erstattet og ført i et felles anlegg ut på dypt vann i tråd med dagens krav fra kommunen. Se vedlegg F5.

6. Massebalanse

Området rundt det eksisterende huset er myraktig og meget vått. Dette som følge av at gamle kistegrøfter er tette og eiendommens beskjedne høyde over havet. Det er nødvendig med masseutskifting og heving av terrenget rundt huset med ca 1 meter for å unngå at flo sjø slår innover marken. Til dette tiltaket trengs det stein og masse. Denne skal hentes fra molo og havneanlegget. Dette er nøkkelen til hele tiltaket. Ved å bygge molo og sprengte ut havn får en masse til å kunne utbedre både kloakksystemet, og opparbeide naustområdet, i tillegg til å heve terrenget rundt det gamle huset.

Den eneste synlige terrenginngrepet blir moloen. Den massen som skal skytes ut er underskyting av havnen og seilingsleden. Alt vil foregå under vann.

7. Fradeling

Som nevnt i begrunnelsen for oppføring av molo vil naustene bli solgt til de naboene som melder sin interesse. Formålet med fradeling av området som omsøkt, er å overføre dette til et realsameie bestående av naust og båtplasskjøpere. Hver sameier vil ha eksklusiv bruksrett til et nærmere bestemt naust og/eller båtplass. Andelen i sameiet er knyttet til kjøpereieendommen og kan ikke fradeles denne. Slik vil en sikre at naust og marina blir et lokalt gode som ikke kan selges separat og som dermed ikke vil medføre økt trafikk.

Oppsummering:

Tiltaket er gjennomtenkt. Ved utskyting av havn vil en få tilgang til nødvendig masser for å masseutskifte arealene rundt det eksisterende huset og opparbeide naustområdet samt bygging av molo. Videre vil masseutskiftingen og den nye havnen legge til rette for en sanering og modernisering av avløp og klokakksforholdene på stedet. Inngrepet i terrenget er minimalt, all skyting skjer under vann. Bygningene er små og tilpasset terrenget og området, og utnytter den delen av eiendommen som ikke er båndlagt av kulturminneloven. Tiltaket skjer i et etablert boligområde og vil tilføre bokvalitet til området og sikre flere av naboene tilgang til sjøen.

 Østa 27/1-15



TEGNEFORKLARING

- GRENSER**
 Endomsgrense ———
 Ny endomsgrense - - - - -
 Hensynssone - - - - -
 (NB! ikke innmålt)

- TERRENG:**
 Eks. kotehøyde (15)
 Ny kotehøyde 6
 Eks. punkthøyde 3,42
 Ny punkthøyde +3,42
 Eks. kote
 Ny kote

- ANNET:**
 Seilingsled
 Foreslått avløp



Armeringer
 Hensynssone for kulturminner er kun antydning, ikke innmålt
 Ny veg er ikke innmålt
 Bygg ikke koordinatfester

Hensvisninger
 Snitt: Se tegn. L 201
 Bygg: Se tegninger ARK

Axel Bjørklid / Remøy
 Planskisse

Tegnr. L 101
 A3 1500
 21012015






Axel Bjørklid / Remøy
Prinsipsnitt AA' og BB'

Tegn.nr. L 201
A3 T500
21.01.2015

Landskapsarkitekt Bjørk Erik Røppe
Sveinveien 8 / 0672 Oslo
Telefon: 90204111
E-post: bjor@rpoppe.no

Vedlegg



2 Plan
1 : 200

Tunet ligg til grunn som utformingsprinsippet for bygningane. Bygningane danner eit tilkomstun mot nord og eit meir skjerna og lunt opphaldstun mot sør.

Den oppdelte låge forma spelar saman med den småkuperte varterte naturen her.

Materialbruken er ubehandla tre, osp eller furu, brukt på veggar, golv og tak. Bygga vil såleis blende inn mot landskapet sjølv.

Vi vil så langt råd er unngå sprenging i fjellet. Dette gjeld for bygget og for siren fram til huset. Inngrepet vil såleis langr på veg vere reversibelt.


Hovudplanet vil ligge omlag på cote 6. Gesimsgåde er 2,6 meter og mønehøde er omlag 4,8 meter.



1 Site
1 : 1000



Vedlegg




1 SV iso

Oppe til venstre: perspektiv frå stova sett mot vest
Til venstre: fasademot M = 1:200 mot nord
Nede til venstre: fasade M = 1:200 mot sør

Fasadane og aksometrien viser forma på boligen og plassering og utføring av vindu, vindusfelt og dørfelt i ytterveggane. Plansjen viser og materialbruken og interasjonane om knappe detaljar der utgangspunktet er eit volum kledd med ståande obbeifalsa 6" trekleddning på veggane. Taktekinga er også av tre, og golv og terrassar er av tre.

Alle opningar for vindu, dører og terrassar / gavlar er saga ut i kleddingsbordene. Alle opningar i kleddningen er avslutta uten bruk av lister.




Vedlegg



erø





Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

© Kartverket



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av atøya
 eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå
 kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg
 for feil i kartet.

© Kartverket





SAKSHANDSAMAR
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.
14/01421-9

DYKKAR REF.

ARK. P - Plansaker
312 Herøy kom. - MR

INNVALSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO
14.10.2014

TELEFAKS

+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Axel Bjørklid
Ristevegen 19
6100 VOLDA

Melding om ferdigstilte arkeologiske utgravingar på Sævika, gnr. 11, bnr.6, Remøy, Herøy kommune, Møre og Romsdal

Riksantikvaren er i brev datert i dag frå Universitetsmuseet i Bergen, Seksjon for ytre kulturminnevern orientert om at utgravingane på Sævika, gnr. 11, bnr. 6, Herøy kommune, er avslutta. Vi stadfester med dette at dei arkeologiske utgravingane som er heimla i Riksantikvarens vedtak av 7. august 2014 er gjennomført. Vilkåra for dispensasjon er dermed oppfylt, og området det er søkt for er klargjort for anleggsarbeid.

Rapporten for det arkeologiske arbeidet vil bli sendt over frå museet så snart den er ferdigstilt.

Beste helsing

Jannie Schnedler Johansen

Kopi til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundveien 9, 6404 MOLDE/
UIB - Universitetsmuseet i Bergen, SFYK, Postboks 7800, 5020 Bergen



SAKSHANDSAMAR
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.
14/01421-2

ARK. P - Plansaker
312 Herøy kom. - MR

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO
07.08.2014

TELEFAKS

+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Axel Bjørklid
Ristevegen 19
6100 VOLDA

Dispensasjon for naudsynte tiltak for utvikling av eigedom til bustadføremål, Sævika, gnr.11, bnr.6, Remøy, Herøy kommune, Møre og Romsdal - jf. kulturminnelova § 8 første ledd

Tilsegn om dekking av kostnader til arkeologisk gransking, jf. kulturminnelova §10 første ledd tredje punktum

Konflikt med id 92577: busetjing/dyrkingsspor frå steinalderen

Vi viser til brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 1. juni 2014 vedlagd din søknad av 21. mai 2014 om å gjennomføre ulike naudsynte tiltak på din eigedom Sævika, gnr. 11, bnr. 6, i Herøy kommune, slik at den kan nyttast til bustadføremål. Vidare viser vi til merknader frå Universitetsmuseet i Bergen, Seksjon for ytre kulturminnevern (SFYK) til Riksantikvaren datert 29. juli 2014 med vedlagd forslag til prosjektplan og budsjett for arkeologisk gransking.

Tiltaket, som omfattar framføring av ny tilkomstveg, vil råke ein del av ein lokalitet frå steinalderen som er automatisk freda i medhald av lov 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 4 fyrste ledd. I samsvar med kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode med mindre det er gitt løyve etter kulturminnelova § 8. Riksantikvaren er rett styresmakt til å gi slik løyve, jf. Forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 1 nr. 1.

Vedtak

Med heimel i kulturminnelova § 8 første ledd fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

I samheng med verksetting av nye tiltak på eigedomen blir det med dette gitt løyve til inngrep i råka del av automatisk freda steinalderlokalitet, id 92577, på Sævika, gnr. 11, bnr. 6, Herøy kommune, jf. avmerking på vedlagd kart, stempla Riksantikvaren og datert 6. august 2014.

Løyve blir gitt på følgjande vilkår:

Universitetsmuseet i Bergen, SFYK skal før anleggsstart utføre ei fagleg utgraving av den råka delen av det nemnde kulturminnet.

Staten kostar den arkeologiske granskninga, jf. kulturminnelova § 10 første ledd tredje punktum. Kostnadene er utrekna i forhold til gjeldande prosjektplan datert 29. juli 2014. Omfanget av arbeidet er rekna til inntil kr 439 715,- (2014 - kroner og satsar) jf. vedlagde budsjett.

tilkomstvegen, som ikkje vil råke kulturminnet direkte, meiner fylkeskommunen vil vere meir skjemmande for kulturlandskapet.

Fylkeskommunen rår til at det blir gitt dispensasjon for det omsøkte tiltaket utan vilkår om arkeologisk utgraving av den råka delen av id 92577.

Universitetsmuseet i Bergen, SFYK uttalar

Universitetsmuseet i Bergen, SFYK er ikkje samd med fylkeskommunen i deira vurdering av den råka delen av kulturminnet sin kjeldeverdi. Museet meiner at det er heilt naudsynt at ein gjennomfører ein utgraving i det råka arealet, som dei definerer som ein del av ein større steinalderbuplass, og vil rår til at det berre blir gitt dispensasjon for det omsøkte tiltaket på vilkår av ein arkeologisk gransking. Museet meiner også at det er eit behov for ein avklaring av kva funna i området faktisk representerer og rår til at granskinga skal omfatte avgrensa undersøkingar med prøvestikk vest for området som vert direkte råka.

Riksantikvaren sine merknader og grunngiving for vedtaket

Riksantikvaren skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir best mulig ivaretatt og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan gis etter ein vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane veid opp mot private og samfunnsmessige omsyn. Vi meiner at saka ved oversending frå fylkeskommunen var noko mangelfull. Mellom anna er det fylkeskommunen sin oppgåve å sørge for at avgrensinga i Askeladden er nøyaktig, og vidare hadde det vore ein fordel om ein datering av det fylkeskommunen tolkar som ein dyrkingsflate var på plass, slik at det hadde vore betre grunnlag for å definere kulturminnet. Vi fekk grunna stor arbeidsmengd ikkje sjølv sett på saka før vi fekk beskjed om at Bergen museum hadde vore på staden og tatt to tilleggsprøvestikk og vi valte å vente på resultata frå dette før vi eventuelt ville be fylkeskommunen komme med supplerande opplysingar i saka. Museet sitt arbeid med saka har bidrege med fleire opplysingar og vi finn å kunne behandle saka ut i frå dei opplysingar som nå fins. Vi vurderer at ein dispensasjon for den råka delen av kulturminnet id 92577 ikkje vil føre til ein utilbørleg desimering i talet på denne typen kulturminne og at omsynet til tiltakshavars behov for å kunne ta i bruk eigeidomen til bustadføre mål overgår verdien av ein fortsatt bevaring av heile lokaliteten. Det er også eit viktig moment i denne samanhengen at ein stor del av lokaliteten vil ligge kvar etter at tiltaket er gjennomført. Vi vurderer at ein arkeologisk gransking av det råka arealet vil kunne bidra med viktig kunnskap om lokaliteten, og bidra til ein avklaring av fleire spørsmål knytt til defineringa av denne. Museet sitt ynskje om å gjennomføre eit avgrensa tal prøvestikk utanfor det råka arealet er vanlegvis ikkje noko vi godkjenner, då ein forvaltingsgraving skal avgrense seg til det som fell innanfor tiltakshavar sin dekningsplikt. I dette høve er tiltaket vurdert som eit mindre, privat tiltak og Riksantikvaren vil dekke kostnadane til den arkeologiske granskinga. Vi har difor vurdert at vi i dette høve kan godta at museet også gjennomfører dei planlagde prøvestikka utanfor det råka arealet i samband med deira utgraving innanfor tiltaksarealet, då det truleg vil bidra å betre statusen til lokaliteten.


Riksantikvaren finn at vi kan gi dispensasjon for tiltaket det er søkt om i samsvar med vedtaket vårt med vilkår. Tiltaket fell inn under definisjonen av eit mindre, privat tiltak, jf. Rundskriv T-02/2007. Staten dekker difor kostnadane til arkeologisk arbeid, jf. kulturminnelova § 10 første ledd tredje punktum.

Riksantikvaren gjer merksam på at dersom det under anleggsarbeidet blir oppdaga andre automatisk freda kulturminne enn dei løyve gjeld for, skal arbeidet straks stansast i den utstrekninga det kan råke kulturminna/-minnet og fylkeskommunen bli varsla, jf.

Oversiktsplan omsøkt tiltak: tiltak på eigedom, busatdføremål

Gård:	Sævika
Gnr:	11
Bnr:	6
Kommune:	Herøy
Fylke:	Møre og Romsdal
Fornminnr:	Id 92577
Fornminnetype:	Steinalderlokalitet

Oslo, 6. august 2014



Plan over tiltaket



Utsnitt fra
Askeladden –
unøyaktig
avgrensing

02

Referat førehandskonferanse 24.09.2014 vedr egedomen gnr 11, bnr 6 i Herøy kommune.

Til stades: Axel Bjørklid tiltakshavar
Eivind Flåskjer, Herøy kommune

Tiltakshavar vil utvikle egedomen med nytt bustadhus, molo og hamn og frådelling av areal. Egedomen ligg innanfor LNF-kan område i kommuneplanens arealdel 2004. På egedomen står gamalt sefrak registrert hus. Planen er å mudre ut hamn knytt til egedomen og bruke massene til å heve /forbetre grunnen på land.

Dei skildra planane er avhengig av dispensasjon frå bygge og deleforbudet i strandsona - jf PBL §1-8 - saka vert sendt på høring til regionale instansar når søknad ligg føre hjå kommunen. Høringsfrist 4 veker. Når uttale ligg føre vil kommunen lage eit saksframlegg inn mot maritim og teknisk komite - så vil komiteen gjre eit vedtak i saka.

Frå kommune sin ståstad er det i møtet signalisert at plassering av hus på egedomen kan, slik det no vert presentert, bryte noko med bygningsmønstert i området forøvrig, med tanke på avstand til sjø - når det er sagt så er det også i nærliggande område blitt godkjent bygg med liknade plassering. Desse har sjølvsagt gått gjennom normal behandlingstyppe inkl dispensasjon og høringar før dei vart godkjente.

Tiltaket må nabovarslast og det må også varslast om at det gjeld dispensasjon. Dersom det kjem inn merknader frå naboane til tiltaket må desse kommenterast og leggest ved søknaden til kommunen.

Naboliste er delt ut til tiltakshavar.

Tiltaksahavar må i sin søknad grunngi kvifor han vil plassere bygget som skildra i skisseutkast - fordelar og ulemper.

Tiltakshavar fekk i møtet ei kort orientering om tidsfristar og saksgang.

Tiltakshavar er i gang med prosesse vedr å etablre veg inn til eksisterande hus på egedomen - avh av å flytte hensynssone mot arkeologi - neste steg er å få godkjent ny avkøyrsløype med anlegg og driftsavd - Jan Reidar Gjerde.

Mvh Eivind Flåskjer
Utviklingsavdelinga
Herøy kommune

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2015/174

Arkivkode
11/6

Dato
19.03.2015

AXEL BJØRKLID - 11/6 - UTTALE TIL SØKNAD OM DIPSENSASJON FRÅ PBL §1-9 VEDK. NYTT HUS OG VEGANLEGG M.M.

Viser til brev av 18.02.2015 vedk. uttale til ovanstående sak.

Det er i oversende dokument vist to alternative avkjørsleløyningar frå kommunal veg. Anleggs- og driftsavdelinga har ikkje særskilde merknader til noko av alternativa. Ein føreset imidlertid at det vert berre ei avkjørsle til eigdomen og at denne vert opparbeidd i samsvar med kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal». Ein finn rettleiinga på kommunen si heimeside.

Ein har elles ikkje merknader til saka.

Med helsing

Jon Rune Våge

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2015/174

Arkivkode
11/6

Dato
24.03.2015

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ AXEL BJØRKLID - 11/6

Samandrag av saka:

Uttalen gjeld søknad om frådelling av areal til naustføremål, oppføring av bustadhus med veganlegg og bygging av 4 nye naust. Dei andre tiltaka det er søkt om er ikkje relevant for landbruksinteressene.

Arealet som er søkt frådelt til naustføremål utgjer om lag 1 dekar med open jorddekt fastmark. 3 av nausta ligg innafor omsøkt areal.

På resten av eigedomen er det søkt om å byggje bustadhus med vegtilkomst og naust. Arealet som vert bygd på eller nytta til veg har arealklasse innmarksbeite. Alle tiltaka det er søkt om ligg innafor LNF-kan område i kommuneplanen.

Søknad må ha vedtak etter jordlova §12 deling.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal: Samla areal på innmark er 4,3 dekar med innmarksbeite. Anna areal utgjer 90,4 dekar. Totalt areal på eigedomen er 94,7 dekar.

Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga

inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.


Vurdering og konklusjon:

Eigedomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom, men den er ein viktig del av det attverande kulturlandskapet i Vikane. Ut frå omsynet til kulturlandskapet har vi ingen merknad til omsøkte frådelling og utbygging av naust. Tiltaket vil vere i samsvar med slik området er utforma i dag. Vi rår til at det vert gitt løyve til frådelling, jmf. Jordlova § 12, då delinga ikkje vil føre til ulempe for landbruket.

Vi vil råde til at plasseringa av bustadhuset vert nærare eksisterande veg utan at det kjem i konflikt med kulturminna. Slik huset er plassert i søknaden vil det dominerer og fragmentere kulturlandskapet på ein uheldig måte. Vegtilkomsten vert kortare ved å plassere huset nærare eksisterande veg.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



0 10 20 30m

Målestokk 1 : 1500 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 23.03.2015

GÅRDSKART 1515-11/6
Tilknyttede grunneiendommer:
11/6

skog+
landskap

Markslag (AR5) 13 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
	Fulldyrka jord	0.0	
	Overflatedyrka jord	0.0	
	Innmarksbelte	4.3	4.3
	Skog av særs høg bonitet	0.0	
	Skog av høg bonitet	0.0	
	Skog av middels bonitet	0.0	
	Skog av lav bonitet	0.0	
	Uproduktiv skog	0.0	0.0
	Myr	0.0	
	Åpen jorddekt fastmark	2.7	
	Åpen grunnlendt fastmark	87.2	89.9
	Bebyggd, samf, vann, bre	0.5	
	Ikke klassifisert	0.0	0.5
Sum:		94.7	94.7

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser

Eiendomsgrenser

05

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Herøy nr.	Saksbeh.
27 MARS 2015	
Sak kode P	
Sak kode S	
Ans.	Dok nr.
Saksasjon	

Møre og Romsdal
fylkeskommuneHerøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2015/174	18.02.2015	13267/2015/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	24.03.2015

Herøy kommune - flere tiltak på gbnr 11/6 - Axel Bjørklid - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8 - varsel om klage

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi viser til tidlegare korrespondanse vedrørande tiltak på eigedomen. I samband med dette blei det gjeve løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne (ID 92577) til framføring av veg ned til eigedomen. Det blei gjort ei vurdering av potensialet for funn ved tiltak i nærleiken av sunnmørsstova, men ikkje i områda ute på Bakarneset. Dette området ligg om lag like høgt som steinalderbuplassen, og har vore ei øy i delar av steinalderen.

Vi vurderer potensialet for funn til å vere høgt i dette området, og vil på bakgrunn av dette stille krav om ny arkeologisk registrering. Vi gjer merksam på at dette er rekna som eit mindre, privat tiltak; søkjar vil difor ikkje bli belasta med kostnader knytt til ei slik registrering, jf. kulturminnelova § 10, første ledd. Vi rår til at søkjar tek direkte kontakt med oss for nærare avklaring.

Saka er sendt Bergen sjøfartsmuseum for avklaring vedrørande marine kultuminne.

Kulturminne frå nyare tid

Innanfor området ligg i dag ei bygning eldre enn 1850 som dermed er meldepliktig etter kulturminnelova § 25. Bygningen/tunet er ikkje vurdert til å ha regional verneverdi, men kan vere lokalt viktig.

Det gamle huset er i dårleg stand og dersom ein skal ta vare på dette, er det snart siste sjanse. Huset er ei sunnmørsstove i ein og ein halv etasje og i beskjedne mål. Som kulturminne er stova eit minne om korleis ein livnærte seg i små kår langs kysten i tidlegare tider. Jorda kring husa har truleg aldri gitt mykje å livnære seg av, men landskapet har gitt livd til båt og naust, noko som truleg er ein viktig del av grunnen til å busette seg der. Landskapet kring huset, og nausta med støer framfor, er difor vesentleg for verdien av huset som kulturminne.

Den omsøkte båthamna har stramme linjer, med molo og murkantar og fordrar sprenging av berg. Dette vil i vesentleg grad forringe verdien kulturmessig. Huset står i dag på bakkeplan i bakkant, medan trappa på framsida markerer nedgangen til og den svært tette koplinga mot sjøen og naustet. Prosjektet bør vurderast nærare med tanke på ei "mjukare", mindre rigid utforming med mindre inngrep i terrenget.

Nye naust i det omfang og med den plasseringa som omsøkt er også utfordrande i kulturmessig forstand. Dei to nausta som ikkje har båtstø vil bryte mest med det tradisjonelle mønsteret. Utforminga av det nye bustadhuset i fleire små, samanstilte volum er mindre konfliktfylt i så måte.

Planfagleg vurdering

I nyleg vedteken kommuneplan har området status som "SB3" - LNF-område med høve til spreidd busetnad. Planen opnar for inntil fem bustadeiningar utan krav om regulering. Søknaden utfordrar dette gjennom ein annan type (naust) og eit større tal (seks) bygningar enn tenkt i planføresegna. I tillegg skal det byggast molo og kaianlegg med sprenging og utmudring. Det vil derfor vere naturleg å vurdere søknaden opp mot pbl § 12-1 om reguleringsplikt.

Den omsøkte moloen/kaia er eit vesentleg inngrep i det småskala, opne landskapet. Som nemnt i søknaden er den vesle vika godt skjerma mot ver frå vest og slik sett eigna. Når tilhøva likevel er slik at det er nødvendig med store terrenginngrep for å oppnå resultatet, vil verknaden på landskapet vere slik at vi ikkje kan tilrå dette.

Føresegnene til planen, § 4.1 gir visse unntak i LNF-områda, frå byggjeforbodet i hundremetersbeltet (pbl §1-8). Det omsøkte tiltaket fell ikkje innom desse unntaka og § 1-8 vil gjelde. Tiltaket vil bli liggande ute på eit markert nes i terrenget. Bygningane synest etter skisser i søknaden å vere avdempa i skala, men vil openbart privatisere det vesle neset som i dag framstår som lett tilgjengeleg og attraktivt for bustadene i nærleiken. Bustadføremålet har ein heilt anna verknad for ålmenn ferdsel enn naust. Vi kan vanskeleg tilrå dette.

I søknaden, vedlegg B1 punkt 4, ber søkar om at "kommunen må stille krav om at det bare er tilliggende eiendommer som kan kjøpe naust ved en eventuell fradelingstillatelse". Etter vår vurdering er dette eit krav kommunen ikkje har heimel til å stille. Det som likevel kan stillast som krav er at frådelt tomter skal tilføyast kjøpar sin eigedom og at det seinare ikkje skal opnast for deling. Slik er det vel også tenkt i B1 punkt 7.

Konklusjon

Ut frå dei omsøkte tiltaka sitt samla omfang, vil vi rå til at kommunen vurdere reguleringsplikta nærare, jamfør pbl § 12-1.

Ut frå omsynet til ålmenta sine ferdselsinteresser i strandsona vil vil frårå at det vert gitt dispensasjon for bustad ute på holmen. Vi vil også frårå den omsøkte båthamna og moloen ut frå landskapsomsyn og ut frå omsynet til kulturminnevernet. Prosjektet bør kunne få ei mindre rigid utforming, der omsynet til kulturlandskapet er sterkare vektlagt.

Det er likevel opna for spreidd busetnad i kommuneplanen, området framstår generelt ikkje som urørt, og vi vil ikkje påklage eit positivt dispensasjonsvedtak.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

(./.)

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: Kristoffer Dahle

Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, tlf. 71 25 89 28

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr	Saksbeh.
30 MARS 2015	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
Ark nr	Dok nr
Kassasjon	

Herøy kommune

Frådeling av tomt, oppføring av bustadhus med veganlegg, 4 naust, molo og flytebrygger, sanering av gammalt avløpsanlegg gnr11 bnr6 - Axel Bjørklid

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i pbl

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Søknaden er relativt omfattande med 5 nye naust, molo med småbåtanlegg, veg ned til planlagd bustadhus og eit nytt hus på 150 m² plassert svært nær sjøen på eit nes. I kommuneplanen er området avsett til LNF-område med opning for spreidd busetnad. Heile arealet ligg innan for 100 meters beltet langs sjøen. Etter vår vurdering vil dette utløyse krav om reguleringsplan.

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Etter § 19-2 kan kommunen ikkje gi dispensasjon dersom omsyna det blir dispensert i frå blir sett vesentleg til side. Fordelane ved å gi dispensasjon må i tillegg vere klart større enn ulempe etter ei samla vurdering.

Natur- og miljøverninteresser

Området er prega av ei blanding mellom gammal busetnad og moderne bustadhus, der det tradisjonelt har vore bygd bustadhus ovanfor vegen. Dette mønsteret er no brote med eit nytt hus på neset sør-aust for dette området.

Vi meiner nausta som er omsøkt ikkje er spesielt konfliktfylte pga moderat storleik (40 m²) og at dei med unntak av det einslege naustet i vestlege del av bukta, utgjere ei fortetting av eksisterande situasjon. Dei to nausta som er plassert nesten heilt opp mot vegen har vi problem med å forstå kan kallast naust då dei ikkje får sjøkontakt. Etersom det er same eigar på heile arealet stiller vi likevel spørsmålsteikn ved behovet for meir enn eitt naust.

Dei tiltaka vi meiner er konfliktfylte er moloen, veg ned til planlagt hus og plasseringa av huset. Desse tiltaka vil utgjere store inngrep som vi meiner vil øydelegge eit flott strandsoneområde. Det er også så grunt inne på vika at vi reknar med at det også må mudrast før ein kan nytte inste delen til båtplassar.

Lokalisering av småbåthamner må avklarast på kommuneplannivå. Herøy er akkurat kome i mål med rullering av arealdelen til kommuneplanen. Elles vil vi vise til at det er fleire mindre småbåthamner lenger aust som kanskje har ledig kapasitet.

Huset som er omsøkt plassert ute på neset vil etter vår vurdering, m.a. på bakgrunn av synfaring 24.03.2015, privatisere heile neset. Sjølv om det ikkje er så mange hus i bakkant, reknar vi med at dette er eit attraktivt strandområde som kan bli nytta til ferdsel og opphald. Det vil også vere landskapsmessig svært uheldig å plassere eit hus her. Vi meiner det bør vere mogleg å plassere eit hus oppe ved vegen. Ut frå terrenget vil det også bli naudsynt med ei relativt høg fylling spesielt for å komme opp på neset der huset skal stå som ligg på kote 6, men også for å flate ut terrenget for å komme opp på vegen. Fyllinga kan då bli minimum 1,5 meter på det høgaste.

Samfunnstryggleik

Kommunen må gjennomføre ei ROS-analyse som del av saksførebuinga. Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for ROS-analyse i saker av denne storleiken. Sjekklister ligg under fylkesmannen si heimeside på følgjande nettadresse: [sjekklister](#). Spesielt dette må havnivåstigning må leggast vekt på.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til våre merknader over. Vi vil vurdere å klage på ein dispensasjon for dei delane av søknaden som gjeld molo/småbåthamn, nytt hus på holmen med vegtilkomst frå vegen og ned til neset. Søknaden er svært dårleg når det gjeld visualisering. Det er ikkje mogleg å få eit inntrykk av kor omfattande terrenginngrep søknaden egentlig vil medføre. Fylkesmannen meiner desse inngrepa samla sett er svært store, og vil endre område frå dagens kulturlandskap til noko som er i strid med både kommuneplanen og nasjonal strandsonopolitikk.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedr. Vikane gbnr. 11-6. Herøy kommune - Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 24.03. 2015.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Vikane gbnr. 11-6 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Saksbehandlar/Marinarkeolog
55 54 96 04
marinarkeologi@bsj.uib.no
www.facebook.com/Sjofartsmuseum

From: Johnny Loen [mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no]

Sent: Tuesday, March 24, 2015 8:40 AM

To: marinarkeologi@bsj.uib.no

Subject: Sak til behandling

Vi ber om svar snarlig

Gjelder sak i Herøy kommune

Herøy Kommune

07.05.15

Axel Bjørklid
Sævik 85
6094 Leinøy

Byggesak på gbnr 11/6 i Herøy kommune

Dette tilsvaret gjelder hovedsakelig fylkesmannens i Møre og Romsdals merknad datert 26.03.15

1. Faktiske forhold og bakgrunn for søknaden om tiltak på gbnr 11/6

Denne saken omhandler et tiltak innenfor det området som er avsatt til spredt boligbygging i kommuneplanens arealdel. Gjennom kommuneplanen er det åpnet for fradeling av opptil 6 boligtomter i den neste perioden. Fra min side leses dette som at det er ønskelig med etablering av nye boenheter – området er avsatt til boligformål. Videre mener jeg at det omsøkte tiltaket på gbnr 11/6 innebærer en faktisk fortetting innenfor et etablert boligfelt. Områdets karakter er bebyggelse med naust og boliger ved sjøen. Alle boligeiendommene i boligfeltet er beliggende innenfor hundremetersbeltet, og flere er beliggende helt i strandkanten. Jeg regner da boligfeltet til å strekke seg fra avkjøringen vest for innløpet til tunnelen mot Runde og ut til de ytterste husene i Sævika.

Videre viser jeg til at det i området er igangsatt boligbygging på gbnr 11/155, fritidsbustad er underbyggign på Sildeholmen og to rorbuer oppført på gbnr 11/144. I tillegg er det igangsatt arbeider og godkjent reguleringsplan på Skotholmen. Det er med andre ord en omfattende aktivitet i strandsonen i området.

Jeg vil også påpeke at Herøy kommune er plassert på nivå 3 med mindre press på arealene under de statlige planretningslinjer for forvaltning av strandsonen langs sjøen.

Dette er de faktiske forhold som jeg har forholdt meg til som grunnlag for min søknad. Både en aktivitet og en kommuneplan som viser at kommunen har tenkt og tillater at området blir tatt i bruk – både til bolig, naust og andre formål.

2. Fylkesmannens uttale

Fylkesmannens oppgave i slike saker, jeg siterer fra tildelingsbrevet til fylkesmannsembetene for 2015, som følger som vedlegg 1 til dette brevet, er som følger på side 10: *“Fylkesmannen skal kun fremme innsigelser der nasjonale og viktige regionale interesser blir berørt.”* Det framgår ikke av

merknaden til fylkesmannen hvilke vurderinger av faktum i saken han legger til grunn når han konkluderer med at viktige nasjonale eller regionale interesser blir berørt som følge av mitt omsøkte tiltak, utover at det er i strid med nasjonal strandsonepoltikk.

Slik jeg ser det er det mulig å stille spørsmålstegn ved om det kan være tale om nasjonale eller regionale verdier på spill i et område som Sævik. Arealet er avsatt i kommuneplanen til spredtboligbygging og er både som følge av kommuneplanen og den eksisterende bebyggelsen faktisk tatt i bruk. Det omsøkte tiltaket på gbnr 11/6 er pr. definisjon et fortettingstiltak innenfor eksisterende arealbruk. Mandatet til fylkesmannsembetet gir ikke anledning for fylkesmannen til å ta omkamp på hver eneste meter strandlinje innenfor et område som allerede er tatt i bruk slik området i Sævik faktisk er. Det må være kommunens oppgave å vurdere hva som kan tillates av tiltak i dette området. Dette støttes klart av tildelingsbrevet til fylkesmannsembetene der hensynet til lokal handlefrihet skal vektlegges særlig i innsigelsesvurderingen. Fylkesmannen unnlater helt å vurdere dette punktet i sin merknad.

Fylkesmannen tar også for seg allmenhetens ferdsel i sin merknad og legger til grunn at de omsøkte tiltakene vil forringe denne kraftig og at eiendommen vil bli privatisert som følge av tiltaket. Det fylkesmannen ser ut til å glemme er at eiendommen slik den framstår i dag er en eiendom preget av stort og massivt forfall. Eiendommen skal settes i stand og arealene som i dag framstår som naturarealer vil bli istandsatt og være en del av eiendommens hage og utenomhusaraler. Dette må legges til grunn som en forutsetning når en vurderer om allmenhetens tilgang til strandsonen blir forverret som følge av tiltaket – eiendommen er allerede en boligeiendom. Det er også et faktum at ved opparbeiding av molo, naust og flytebrygger vil tilgjengeligheten øke - naboene vil få tilgang til sjøen og den ressursen som strandlinjen er, vil bli utnyttet av flere da moloen er den eneste mulige landgangsplassen i området.

2.1 Feil fakta i fylkesmannens uttale

Merknaden fra fylkesmannen inneholder i tillegg til manglende vurderinger også en rekke feil og utsagn som ikke er underlagt den skjønnsvurderingen fylkesmannen er satt til å ta:

1. Fylkesmannen uttaler at det tradisjonelt har vært bygget bolighus på oppsiden av veien. Dette er positivt feil og ved å lese kartet kan en rask slå fast at den delen av Sævik som denne eiendommen er en del av, som tar til ved innløpet av tunnelen mot Runde, er det bygget 8 hus på nedsiden av veien. Antall hus på oppsiden av veien er 9. Dette er viktig fordi det blir anført at tiltaket vil bryte med tradisjonelt byggemønster i området.
2. Fylkesmannen stiller videre spørsmålstegn ved behovet for flere enn ett naust når det er samme eier på hele arealet. Fylkesmannen avslører dermed at han åpenbart ikke har lest begrunnelsen for dispensasjonssøknaden. I søknaden framgår det tydelig at naustene er tiltenkt fradelt og solgt til naboene i Yttre Sævika og dermed er et tiltak for økt tilgjengelighet til sjø og strandsonen for nærmiljøet.
3. I samme avsnitt stiller fylkesmannen spørsmålstegn ved om naustene plassert i bakkant mot veien kan kalles naust – og dermed er naust. Det vises herfra til dispensasjonssøknaden, der det framgår at naustene er tiltenkt en tilhørende båt plass bak den omsøkte moloen, samt at det er inntegnet et felles opptrekk mellom de eksisterende naustene. Om en ser Herøy

kommune under ett og kysten som helhet for øvrig, er det tvilløst at det finnes en rekke naust, som både er og kalles naust og som står et stykke inne på land.

4. Fylkesmannen skriver videre at han *regner* med at det også må mudres før en kan nytte viken til båtplasser. Dette framgår også av søknaden, at utmudring og masseuttak av havnen er en forutsetning for tiltaket – både med tanke på båthavn, men også for å kunne masseutskifte området rundt huset og minimere behovet for tilkjøring av masser. Merknaden fra fylkesmannen på dette punktet gjør det igjen naturlig å stille spørsmålstegn ved om embetet har lest søknaden.
5. Eiendommen blir beskrevet som en holme mens den udiskutabelt er et av flere nes i området.
6. På tross av mitt klare ønske om å delta på synfaringen den 24 mars valgte fylkesmannen å dra på befaring uten grunneier til stede. Det er mulig fylkesmannens konklusjon i merknaden datert 26.03.15 ville blitt av en annen karakter dersom fylkesmannen kunne stille klargjørende spørsmål til tiltakshaver på en synfaring.

2.2 Fylkesmannens merknad – reguleringsplan og ROS - analyse

Så vil jeg komme fylkesmannen i møte med å beskrive klarere en del elementer som jeg mener er misforstått og som muligens er uklart ut fra søknaden. Fylkesmannen vurderer tiltaket til å innebære store terrenginngrep og vurderer også vegløsningen til å være problematisk. Som det framgår av søknaden vil skyting/sprenging foregå utelukkende under vann ved utskyting av havn. For uten dette er tiltaket 100 % reversibelt.

Tiltaket vil ellers bestå av avgraving og opplegging av masser. Jeg vil her vise til at området rundt det eksisterende huset skal masseutskiftes og terrenget heves. Dette framgår også av søknaden. Terrengets struktur blir bevart og fyllingen for veien vil bli innarbeidet i den eksisterende skråningen opp mot neset. Veien vil videre følge terrenget fra avkjørselen fra hovedveien og over bakken i bakkant av det eksisterende huset. Veggen og stigningen til neset vil også bli skjult bak det omsøkte naustet.

Når det gjelder moloen vil denne bli bygget i naturstein/sprengstein som er tatt ut av havnen. Slik som øvrige moloer og kaianlegg på Remøya.

Fylkesmannen vurderer å kreve reguleringsplan for området. Tiltaket omfatter 1 nytt bolighus på en eksisterende boligeiendom, i tillegg til fem meget enkle naust på 40 kvm, beliggende i et eksisterende naustområde. Her må det kunne vurderes dit hen at tiltaket, selv om det består av flere bygninger, er av mindre karakter. Tiltaket berører utelukkende naboene som har fått uttale seg. Tur og rekreasjonsområdet i Klubben som blir benyttet av allmennheten blir ikke berørt. Hva fylkesmannen ønsker å oppnå ved å kreve reguleringsplan fram går ikke av merknaden ei heller hvilke sider av saken som eventuelt krever ytterligere utgreiing.

Videre bemerker fylkesmannen at det må gjennomføres ROS analyser. Jeg viser her til de vurderinger som allerede må være gjort når det gjelder tillatte tiltak på naboeiendommene – særlig gbnr 11/155.

3. Avsluttende kommentar

Jeg er klar over at merknaden til fylkesmannen datert den 26.03.15 ikke er en innsigelse. Men den varsler en innsigelse som legger føringer for den videre saksbehandlingen og jeg ber derfor kommunen om å vurdere merknaden fra fylkesmannen opp mot de retningslinjer som gjelder i tildelingsbrevet til embetet for 2015, og også legge vekt på de fordeler det omsøkte tiltaket medfører. Jeg tenker her på økt tilgang til sjøen for naboer, utbedring av kloakkforhold, ny bosetning og den generelle istandsettingen av eiendommen tiltaket medfører. Også det faktum at det ikke er merknader fra naboene, områdetets faktiske bruk og kommuneplanens arealdel mener jeg må ha betydning.

Jeg ber også om at det blir avholdt synfaring med grunneieren til stede i forbindelse med den politiske behandlingen.

Når det gjelder uttalene fra de øvrige uttalepartene har jeg ingen spesielle merknader.

Mvh

Axel Bjørklid
Grunneier gbnr 11/6

Namn på tiltak/plan: Byggetiltak gnr. 11, bnr 6

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
	Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X
b		Er det terrengformasjonar som utgjere spesiell fare (stup etc.)?	X	
c		Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågareliggende område?	X	
d		Anna(spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?		
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 8/6-15 av sign: D. Flåske

År 2050: 31 cm med usikkerhet -8/+14 cm (totalt 23 til 45 cm)

År 2100: 90 cm med usikkerhet -20/+35 cm (totalt 70 til 125 cm)

Noen eksempler med usikkerheter inkludert

Tabell 3 viser øvre og nedre verdier for havnivåstigning og stormflo når usikkerhetene er tatt med, for de største byene i Norge.

Tabell 3: Øvre og nedre verdier for havnivåstigning og stormflo (100 års returnivå) medregnet usikkerheter i havnivåstigning.

	2050				2100			
	Havstigning (cm)		Stormflo (cm) Relativt NN1954		Havstigning (cm)		Stormflo (cm) Relativt NN1954	
	Min.	Maks.	Min.	Maks.	Min.	Maks.	Min.	Maks.
Tromsø	10	32	229	251	43	98	267	322
Trondheim	-1	21	246	268	22	77	274	329
Bergen	15	37	178	200	53	108	221	276
Stavanger	17	39	143	165	58	113	189	244
Oslo	-1	21	189	211	21	76	216	271

3.2 Usikkerheter i beregnede stormflonivåer

Usikkerheter tilknyttet astronomisk tidevann (HAT-nivåer)

Usikkerheten i beregningene av astronomisk tidevann (HAT) i denne rapporten ligger i utgangspunktet under 5 cm for ett standardavvik (Statens kartverk Sjø). Her antar vi imidlertid at forholdet mellom nivået for middelvann og NN1954 er det samme i målepunktene våre som ved den nærmeste faste vannstandsmålere. I de fleste tilfeller stemmer nok dette bra, men vi observerer enkelte små sprang i tidevannsnivåer mellom nabokommuner som antyder at det ikke alltid er tilfellet. Denne feilkilden kan i verste fall tenkes å ligge opptil 10-15 cm enkelte steder (Statens kartverk Sjø). Sett under ett er det vanskelig å tallfeste usikkerheten i beregningen av de astronomiske tidevannsnivåene for målepunktene i denne rapporten, men det antas at den er mindre enn usikkerhetene tilknyttet både framtidig havnivåstigning og værrets virkning på vannstanden.

Usikkerheter tilknyttet stormflo (returnivåer)

Den største usikkerheten ved beregning av stormflonivåer kommer fra værrets påvirkning. Det finnes kun beregninger for dette ved de permanente målestasjonene, noe som begrenser nøyaktigheten i områder som ligger langt unna disse. På samme måte som de astronomiske tidevannsendringene, styres også værrets påvirkning av lokale faktorer. Dette er noe som i dag er dårlig kartlagt langs norskekysten. I de store fjordsystemene som har to permanente vannstandsmålere kan vi få en indikasjon på størrelsen av de lokale variasjonene. I Oslo er for eksempel værrets bidrag ved en 100 års returperiode beregnet til å være nesten 30 cm større enn ved Oscarsborg som ligger lenger ut i Oslofjorden. På samme måte er påvirkningen rundt 20 cm større ved Narvik innerst i Vestfjorden enn ved Kabelvåg i Lofoten. Ser man på Trondheimsfjorden derimot, finner man ingen forsterkning av det meteorologiske bidraget innover i fjorden. I de store fjordene på Vestlandet finnes det ikke permanente målestasjoner, så her er det mangelfull kunnskap om værrets påvirkning på vannstanden.

Med utgangspunkt i de tilgjengelige dataene har det som nevnt over blitt gjort en enkel, lineær interpolering av værrets påvirkning i et transekt langs norskekysten (figur 2). Usikkerheten i disse dataene er ikke lett å tallfeste, men i mindre fjordsystemer er det vanskelig å tenke seg at de lokale variasjonene er større enn de vi finner i Oslofjorden og Vestfjorden (om lag 20 til 30 cm). Den største usikkerheten får vi innover i de store vestlandsfjordene, siden vi bare har data fra den ytre del av kysten på Vestlandet.

Det ligger også en usikkerhet i hvilken statistisk metode som benyttes til å beregne 100-års returnivå. Ved beregning av opptil 20 års returperioder gir de ulike statistiske metodene som brukes til å beregne ekstremverdifordelingen, generelt like verdier, men når vi kommer opp til 100 års returperioder, kan verdiene variere noe. Sjøkartverket og NVE har sammenlignet fem ulike modeller for ekstremverdifordeling av vannstandsdata fra

Hilde Skinnes

Emne:

VS: Axel Bjørklid-11/6 vedr. dispensasjon molo/småbåthamn

Fra: Idar Tarberg

Sendt: 16. juni 2015 12:36

Til: Hilde Skinnes

Emne: Vs: Axel Bjørklid-11/6 vedr. dispensasjon molo/småbåthamn

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2015/174	Sakssett.
13 JUNI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
Ark nr	Ark nr
Konsesjon	

Sendt fra Galaxy Tab

----- Opprinnelig melding -----

Fra Arve Johan Myklebust <arv-myk@online.no>

Dato: 15.06.2015 16:56 (GMT+01:00)

Til Idar Tarberg <idar.tarberg@heroy.kommune.no>

Emne Axel Bjørklid-11/6 vedr. dispensasjon molo/småbåthamn

Viser til tlf.samtale med Jarl Martin Møller torsdag 11.06.15 og med Axel Bjørklid fredag 12.06.15 vedr. forslag til å utvide hamna, ved å føre moloen lenger sør før den dreier vest for å få plass til meir enn 8 båtplassar, og gjere hamna meir romsleg. Axel Bjørklid var positiv til at dette kunne sjåast på ved synfaring og på møtet.

Jarl Martin Møller sa eg kunne sende forslaget til deg på e-post , så kunne du og han diskutere det før møtet

tirsdag 16.juni .

Som ein ser av flyfoto på dok.8 i disp.søknad (event. flyfoto sunnmørskart), vil den delen av moloen som skjærer vestover bli kortare om ein går lenger ut (sør) i linje med naust/båtstød som hamna grensar til .

Hamna og moloen vil dermed ladskapsmessig visuelt sett falle meir naturlig inn i landskapet , samtidig som ein får utnytte mest mogleg av neset si naturlege skjerming fra vest/sørvest .

Konsesjonssøknaden for hamneanlegget baserer seg på at øvrige eiendomar med gangavstand skal kunne kjøpe seg inn . Og ein del vil heilt sikkert vere interessert i båtplass utan naust. Det kan være 11-12 potensielle kjøparar med gangavstand i tillegg til 3 båtplassar til konsesjonssøkar.

Dersom det vert gått inn for å gi dispensasjon til småbåthamn , meiner eg i så fall at det bør gjevast konsesjonssøkar ramme for å legge til rette for større hamn med plass til meir enn 8 båtplassar .

Med helsing

Arve Johan Myklebust
Sævik 84
6094 Leinøy

Tlf 700 86762 Mob.41 25 02 03

Gnr.11 Br.nr 106

Fra: Øyunn Kleiva [mailto:Oyunn.Kleiva@mrfylke.no]
Sendt: 11. august 2015 16:41
Til: Eivind Flåskjer
Emne: SV: gnr 11, bnr 6 - askeladden id 92577

Hei!

Svar på spørsmål under, som kom då eg gjekk ut i ferie.

Mykje informasjon ligg i tidlegare oversent material i tidlegare oversente mailar.

Vi minner jfr mail frå oss 12.6.15 om behov for å få tilsendt kommuneplankartet for området med avmerka fornminne og omsynsone.

Sjølve fornminnet og næraste omgjevning kan umogleg vere regulert til Spreidd bebyggelse i kommuneplan. Dette er i strid med kulturminnelova.

Dersom de vurderer å fremje søknad for området lenger inne skal denne høyrast hjå oss dersom det er freda kulturminne i nærleiken (noko det er) og/eller det er disp. frå kommuneplan (etter plan- og bygningslova/kulturminnelova § 8.1.)

Fornminnet idnr 92577 Vikane er freda etter norsk lov. Kulturminneloven §§ 3 og 4. Jfr denne gjeld fredinga inngrep i, tildekking og utilbørleg skjemming. Dersom hus vert plasserte framfor men utanfor lokalitet er det sistnemnde som vert vurdert. Er det tvil om kva som er utilbørleg skjemming er det Riksantikvaren som avgjer om det er utilbørleg skjemming eller ikkje. Kartet under t.v. er frå Askeladden i dag. Vi er i ferd med å justere Askeladden noko, etter meir info frå utgraving av delvis dispensert del jfr kart t.h.. Vi avventar her digitaliserte kart frå Bergen Museum. Men som de ser er vi avhengig av etterlyste kart som normalt må fylgje ei kvar oversending av saker som gjeld kommuneplan. Når du skriv «funna oppe ved veggen» reknar eg med du snakkar om fossile lag i nordaust – som altså viste seg å ha meir funn enn kva vanleg er. Slike lag førekjem åleine relativt hyppig. Utgravinga viser at funnrikdomen er større enn normalt og at det er og steinalderfunn i desse områda.

Lokaliteten har altså fleire faser. Det er ein steinalderlokalitet som i deler av arealet har også yngre bruk, frå yngre bronsealder og eldre jernalder. Her har utgravinga også gitt nærare informasjon med funn av asbestkeramikk mm. Nordvest mot veggen er det steinalderfunn. Når det gjeld dispensasjon frå kulturminnelova så veg offentlege formål tyngre enn private, det vert sett på om konflikten er uunngåeleg eller om ein ved omplassering av tiltak eller justering av omfang av tiltak osb reduserer /fjerner konflikten. Det vert sett på kor mange lokalitetar av sitt slag området har (har hatt, men utgreve er ikkje med i dette, då det herersnakk om kva vi har att for framtida). Ein ser på tidsdjupn i kulturmiljø, relasjon til landskap, om det er tett utbygde område osb. Det vert sett på kor godt bevart lokaliteten er. Mm.

Untak frå fredinga er allereie dispensert og utgreve del av buplassen for vegframføring til Aksel Bjørklid.

Dispensasjon er gitt i forhold til formål vegframføring, ikkje hus.

Nytt formål betyr ny runde.

Kommunen har ikkje sjølv høve til å dispensere frå kulturminnelova. Slik dispensasjon ligg hjå Riksantikvaren og ynskje om dispensasjon skal gå via fylkeskommunen. Det må då føreligge ei sak, eit forslag, eit kart. Vår uttale vil fylgje med saka til Riksantikvaren. Vi har sjølv mellombels dispensasjonsrett for mindre typer ikkje samansette funn, funnet her er noko for komplekst til dette.

Det siste spørsmålet dykkar er om eit bustadhus på eigen eigedom vert å rekne som eit mindre privat tiltak etter kulturminnelova § 10 og såleis kjem inn under statleg dekning av eventuell utgraving. Det gjer det nok. Tiltak for sal/utleige osb, dvs for næring/vinning, er ikkje det. Her er

nokre unntak i forhold til nydyrking og landbruksvegar, men det er landbrukssaker og gjeld ikkje her.

Vi gjer merksam på at vi gjentekne gonger her har tilrådd lokalisering av nybygg aust av kulturmiljøet som her inkluderer kulturminnet frå nyare tid: strandsitjarplass med stove og muringar mot sjøen.



Askeladden i dag.
Samankobling etter utgraving. 5 m sona kjem i tillegg. Utgreven del i søraust,

Steinalderbuplass med blå stipla line og svakt rosa yngre lag.

Mvh

Øyunn Kleiva
Arkeolog/Rådgjevar

Tlf 71258867 Mobil 95945835

Kulturavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Fra: Øyunn Kleiva
Sendt: 10. juli 2015 16:04
Til: 'Eivind Flåskjer'
Emne: SV: gnr 11, bnr 6 - askeladden id 92577

Ferie til 10.8.2015.

mvh

Øyunn Kleiva
Arkeolog/Rådgjevar

Tlf 71258867 Mobil 95945835

Kulturavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Fra: Eivind Flåskjer [<mailto:Eivind.Flaskjer@heroy.kommune.no>]
Sendt: 10. juli 2015 12:02
Til: Kristoffer Dahle
Kopi: Øyunn Kleiva; Jarl Martin Møller
Emne: gnr 11, bnr 6 - askeladden id 92577

Kommunens sak 2015/174 – Axel Bjørklid

Maritim og teknisk komite i Herøy kommune har fatta eit vedtak i denne sak i MTK-sak 44/15 , den 16.06.2015.

Vedtaket er no påklaga av Fylkesmannen og i den forbindelse ønsker administrasjonen å få svar på følgande spørsmål:

1. Kan dykk seie noko om kor sterk vernebestemmelsen på kulturminne opp ved vegen er?
2. Er det slik at kommunen kan godkjenne plasseringa av bygget v/vegen eller er vernebestemmelsen så sterk at dette ikkje er mogleg.

3. Er det slik at når det er tale om eit enkelthus for ein enkelperson så kan ein få dekt/betalt ei evt utgraving slik at område v/vegen kan bebyggast med eit hus. Område er avsett til såkalla SB (speidd busetnad tillate) jf rundskriv T-02/2007 kapittel 2.

Eg tek ferie frå i dag av – send svar til: postmottak@heroy.kommune.no

Mvh Eivind Flåskjer
Herøy kommune – byggesak

Hei

Denne e-posten er et dokument i saken. Vedlagt – 2 kart.

Kart 1 viser to viktige begrensninger for eiendommen:

1. Viser det arealet som er båndlagt etter kulturminneloven med rød skravur.
2. Kartet viser byggegrensen på meter som er gitt i kommunens forrige vedtak. Streken er tegnet med blått og følger 20 meter fra strandlinjen.
3. Kartet viser også de omsøkte tiltakene med svart strek.

Poenget med dette er å vise hvilke deler av eiendommen som ikke er båndlagt.

Kart 2 viser den delen av eiendommen som ligger under 3 moh.


1. Areal under 3 moh kan ikke bebygges etter kommunens arealdel. Arealet vises på kartet med blå skravur.

Dette er viktige momenter ved vurderingen knyttet til dispensasjonsvedtaket.

Mvh

Axel Bjørklid

Grunneier gbnr 11/6




Skravert RØDT areal båndlagt etter kulturminneloven

Skravert BLÅTT areal lavere enn 3 moh

- Teiknforklaring**
- Avtrykk omsøkte tiltak
 - Båndlagt kulturminnevern
 - Linje 20 m frå strandlinje

0 8 16 meter 24 32 40




Målestokk 1:800
Koordinatsystem:
Bakgrunnskart:
Kartgrunnlag Statens Kartverk, Geovekst



Skravert RØDT areal båndlagt etter kulturminneloven

Skravert BLÅTT areal lavere enn 3 moh

Teiknforklaring

-  Avtrykk omsøkte tiltak
-  Båndlagt kulturminnevern
-  Linje 20 m frå strandlinje

0 8 16 meter 24 32 40

Målestokk 1:800
 Koordinatsystem:
 Bakgrunnskart:
 Kartgrunnlag Statens Kartverk, Geovekst



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	MARVOL	Arkivsaknr:	2014/383
		Arkiv:	11/105

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
99/15	Maritim og teknisk komite	08.12.2015

KJELL STRAUME/ANTONIA DE HAAN STRAUME 11/105 - KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 64/15

Tilråding:

Maritim og teknisk komité (MTK) held fast på vedtak 64/15 dater1 10.07.2015 i sak 2014/383 *Antonia De Haan Straume og Kjell Roger Straume 11/105 Bruk av sjøareal for bygging av vør for fritidsbåt.*

Klagen har ikkje ført med seg nye moment som gir grunnlag for endra vedtak i saka, og klagen vert soleis ikkje teke til følgje.

Klagen med tilhøyrande saksdokument vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jfr fvl § 33 fjerde ledd.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Antonia de Haan Straume og Kjell Roger Straume, Sandane 5, 6264 Tennfjord

Vedlegg:

- 1 Klage med vedlegg
- 2 MTK-sak 64/15: Antonia de Haan Straume og Kjell Roger Straume - 11/105 - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og PBL § 1-8.
- 3 Antonia de Haan Straume og Kjell Straume - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og pbl §1-8 strandsonerettet vedr etablering av vinkelvor/båtplass for fritidsbåt
- 4 Kartutsnitt plassering av tiltaket

Saksopplysningar:

Antonia de Haan Straume og Kjell Roger Straume ønsker å etablere ein vinkelvor/båtplass for mindre fritidsbåtar knytt til sin eigedom gnr 11 bnr 105 i Herøy kommune. Tiltaket skal tene som trygg båtplass for fritidsbåt heile året, knytt til aktivitet som fiske og anna sjøliv, samt også som båtplass til Peter Straume og familie som realiserer sin fritidsbustad på Sildeholmen.

Tiltaket er tenkt plassert i eit område som er avsett til LNF-formål i kommuneplanens arealdel og i strandsona. Tiltaket krev soleis dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og frå strandsonerettet i plan- og bygningslova § 1-8.

Straume sendte inn søknad til kommunen den 30.04.2014, men saka vart ikkje sett til handsaming av ukjend grunn. Saka vart purra på av tiltakshavar 03.05.2015. Saka vart so sendt på brei høyring til regionale og lokale instansar.

Fylkesmannen uttalte:

«Generelt:

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Kommuneplanen for Herøy vart godkjend hausten 2014, og det bør ligge tungtvegande grunnar føre dersom kommunen dispenserer frå ein så nyleg vedtatt plan.

Natur- og miljøverninteresser:

Området der vinkelvoren er søkt bygt, ligg på ei strekning på vel 200 meter strandsona utan særlege inngrep. Både vest og aust for denne strekinga er lange deler av strandsona lagt ut til naust. Det er relativt store bustadområder i nærleiken, noko som tilseier at det vil vere mange som har glede av ei urørt og ikkje nedbygd strandsona i nærleiken. Presedensverknaden av eit positivt kommunalt vedtak vil raskt kunne «ete opp» gjenverande strandsona for ålmenta i området.»

Fylkesmannen rår difor ifrå det omsøkte tiltaket, og vil vurdere å klage på eit positivt vedtak.

MTK gjorde slik vedtak i MTK-sak 64/15 i møte den 08.07.2015:

«Maritim og teknisk komité vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå tiltak i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL.

§§ 19-2 og 1-8, med sikte på opparbeiding av vinkelvor/liten molo for vern av småbåtar på gnr. 11 bnr. 105 i Herøy.

Avslaget er grunngeve med at ein bruk av det aktuelle området til omsøkt tiltak vil vere i strid med dei statlege planretningslinjene for strandsona og at ein dispensasjon som omsøkt såleis vil tilsidesette både omsyna til bestemmelsen det i tilfelle vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål.»

Tiltakshavar har klaga på vedtaket. Grunngeving for klagen er:

1. Som grunneigar opplever dei det som svært urimeleg at dei ikkje får høve til å legge til rette for ein liten vinkelvor på sin eigen eigedom. Tiltakshavar presiserer at det er tale om å etablere ein liten vinkelvor (og ikkje molo) slik at dei kan nytte den gamle færingen sin på ein trygg måte gjennom heile året.
2. Grunneigar opplever det som urimeleg å ikkje få nytte den utilgjengelege biten av strandsona, som er svært bratt, og viser til at det gjennom tidene er blitt bygde mange tenelege og lange vorar på Remøya. Dei viser til vedlagde bilder som viser korleis fyllinga frå sjøvegen og ned til sjøen gjer denne biten av strandlinja utilgjengeleg.
3. Tiltakshavar viser til brev frå Statens vegvesen som gir godkjent gangtilkomst til det omsøkte tiltaket. Straume har gjennom dei tre siste åra bygd ei nødvendig trapp på 32 trinn og gangveg med rekkverk slik at strandsona også i dette området kan nyttast sikkert for ålmenta.
4. Tiltakshavar anser ikkje etablering av vinkelvor som ei delvis privatisering av området, men som ei tilrettelegging til det beste for den respektive strandsonedelen
5. Som grunneigar har dei so langt ikkje hatt tankar om å søkje om løyve til å byggje naust knytt til eigedomen deira, men undrar seg i om det er ei slik løysing Herøy kommune finn det naturleg å gjere – å byggje naust med flytebyggje og slipp for inndraging i av robåten i ulike årstider? Viser til at dette vil stenge langt meir for fri ferdsel.
6. Tiltakshavar ønsker synfaring frå nokon i beslutningsapparatet, for å vise kor urimeleg det er å nekte tiltakshavar å få realisere ein vinkelvor på området. Dei viser til at dei er villige til å redusere omfanget av vinkelvoren, dersom det er storleiken som er avgjerande for at dispensasjon ikkje vert gitt. Omsøkt vorr er på 10 m x 17 m, men dei er villige til å redusere voren til 7 m x 9 m slik at den er stor nok til ein båt.
7. Tiltakshavar ber om ny vurdering av saka med positivt vedtak. Dei viser til at det er positiv omtale frå andre brukarar av gjøra med omsyn til kor lett det er å kome seg opp frå strandsona og til sjøvegen mot gnr 11 bnr 34.
8. Tiltakshavar stiller spørsmål ved om den reviderte kommuneplanen medfører negativ konsekvens i høve vedtaket i MTK. Tiltakshavar viser til at søknad vart sendt inn til Herøy kommune den 30.04.2014, og purra på 03.05.2015. Saka vart av ukjend grunn ikkje sett til handsaming, og eigar av gnr 11 bnr 105 stiller så spørsmålsteikn ved om dette har hatt innverknad på vedtaket. Dei viser til at Herøy kommune reviderte sin kommuneplan hausten 2014 medan deira søknad vart sendt inn 30.04.2014. Spørsmålet frå tiltakshavarane er om dette fekk ein negativ konsekvens for dei i høve vedtaket overfor dei.

Kommunens vurdering og konklusjon:

Kommunen kan ikkje sjå at det har come inn opplysningar i klagen som gir grunnlag for endring av det vedtaket som er gjeve.

Vilkår for dispensasjon frå reglar fastsatt i eller i medhald av plan- og bygningslova (pbl) finn ein i pbl § 19-2. Vurderinga er todelt. For det fyrste må omsynet bak regelen det dispenserast frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må det vere klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon. Dersom desse vilkåra er oppfylt, «kan» kommunen velje å gi dispensasjon.

Kommunen vurderte spørsmåla om vilkåra for dispensasjon var oppfylt i MTK-sak 64/15. Ein vurderte det slik at desse ikkje var innfridd, då omsynet bak LNF-formålet og strandsonevernet vart vesentleg tilsidesett, og at det ikkje var fleire fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon. Det vesentlege momentet i vurderinga var at eigedomen er i eit område som er avsett til LNF-formål på om lag 200 meter, der det både aust for området og vest for området er avsett til naust/kai-formål i kommuneplanens arealdel. Kommunen har difor lagt til rette for slike tiltak som omsøkt i nærområdet. Ein bør difor vere varsam med å opne opp for slike tiltak i strandsona i eit område som er avsett til LNF-formål.

Administrasjonen viser fyrst til punkt 8 i klagen som gjeld spørsmål om revidering av ny kommuneplan hadde negativ konsekvens ift vedtaket. Gnr 11 bnr 105 var avsett til LNF-formål allereie før revidering av kommuneplanen, og det var soleis ikkje noko endra arealformål på dette området. Søknaden ville uansett krevd dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel og frå strandsonevernet i pbl § 1-8.

Ein viser deretter til punkt 5 i klagen. Tiltakshavar stiller spørsmålsteikn ved om Herøy kommune heller meiner dei bør søkje om å få byggje naust med flytebyggje og slipp for inndraging av robåten. Dei viser då til ei setning i vedtaket til MTK som lyder slik: «*Bryggjer, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsverksemd vil såleis vere tiltak som kan danne grunnlag for å gi løyve.*»

Dette er i vedtaket ei setning i eit avsnitt der kommunen på generelt grunnlag viser til moment som kan vektleggast ifølgje «*Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*» ved vurdering av om ein skal gi løyve til tiltak i strandsona. Avsnittet viser også til andre vurderingsmomenter som kan vektleggast i samband med søknad om tiltak i strandsona, som for eksempel at utbygging i strandsona bør samlokalisereast med område som er bebygde og at dette skal skje mest mogleg konsentrert. Kommunen har med denne setninga ikkje meint at ein heller vil gje løyve til oppføring av naust på området.

Kommunen viser til at området er avsett til LNF-formål i kommuneplanens arealdel, og at det både austafør og vestafør LNF-området er områder avsett til naustføremål. Kommunen vurderer det difor som viktig at området får halde fram som LNF-område, og at ein ikkje tillet etablering av tiltak ein bør plassere på område som er avsett til naust/kai-formål. Ein vurderer det fortsatt slik at ein ved å gi dispensasjon frå LNF-formålet og strandsonevernet i dette høvet vil delvis privatisere området, og legge beslag på gjenståande strandsoner i eit område som er tilknytt ein god del bustadar. Det er viktig å ta vare på den gjenverande strandsona i området.

I tillegg vil ein dispensasjon i dette høvet kunne skape presendens for liknande tilfelle i kommunen, noko ein meiner vil medføre negative konsekvensar for kommunen.

Dei resterande punkta i klaga går i hovudsak ut på at ein føler det er urimeleg av kommunen å ikkje gi løyve til tiltaket og at ein ønsker synfaring og ny vurdering av det omsøkte tiltaket. Tiltakshavar er ikkje einig i at etablering av vør vil vere med på å privatisere området. Rådmannen går ikkje i detalj på kvart punkt i klaga, men viser til dei vurderingane kommunen har gjort i samband med spørsmålet om vilkåra for dispensasjon er innfridd ovanfor. Kommunen har etter ei heilheitleg vurdering kome fram til at vilkår for dispensasjon i dette høvet ikkje er innfridd. Dette står ein framleis ved etter handsaming av klaga frå tiltakshavar.

Rådmannen rår MTK til å oppretthalde sitt vedtak i MTK-sak 64/15 og gir følgjande tilråding:

Maritim og teknisk komite (MTK) held fast på vedtak 64/15 dater1 10.07.2015 i sak 2014/383 Antonia De Haan Straume og Kjell Roger Straume 11/105 Bruk av sjøareal for bygging av vør for fritidsbåt.

Klagen har ikkje ført med seg nye moment som gir grunnlag for endra vedtak i saka, og klagen vert soleis ikkje teke til følgje.

Klagen med tilhøyrande saksdokument vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jfr fvl § 33 fjerde ledd.

Konsekvensar for folkehelse:

-

Konsekvensar for beredskap:

-

Konsekvensar for drift:

-

Fosnavåg, 15.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund

Utv

ⓔ

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg nr	Tennfjord, 29.07.2015
2014/383	Saksbeh
	EFLA
31 JULI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
Fri	Direkt
Kassasjon	

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

KLAGE PÅ VEDTAKET I HERØY KOMMUNE, MTK-SAK 64/15:

ANTONIA DE HAAN STRAUME OG KJELL ROGER STRAUME -11/105- SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL pgf. 19-2 og pgf. 1-8

Vi viser til vedtaket i MTK-sak 64/15 i Herøy kommune, datert 10.07.2015, i høve SØKNAD OM ETABLERING AV VINKELVØR/BÅTPLASS FOR FRITIDSBÅT, EIGEDOM 11/105 I HERØY.

Grunngjeven skriftleg klage:

1. Som grunneigarar opplever vi det svært urimeleg ikkje å få høve til å leggje til rette for ein liten vinkelvor på vår eigedom.
Vi har ikkje søkt om å få lage til ein liten molo, men som sagt ein liten vinkelvor slik at vi på ein trygg måte kan få bruke vår gode, gamle færing i godt bruksver heile året!
Anleggsbidragsmodellen går i korte trekk ut på at kommunen sjølv er byggherre ved etablering av dei kommunale anlegga, og at utbyggar betaler anleggsbidrag til kommunen til dekning av kostnadane. Kommunen må være kontraktspart med entreprenørane, og kan krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift og/eller kompensasjon for betalt meirverdiavgift i sitt avgiftsregnskap. Meirverdiavgifta vert frådragsført (refundert frå staten) fortløpande etter kvart som infrastrukturen vert ferdigstilt/fakturert. Dersom totalkostnadane ved privat utbygging av infrastrukturen eksempelvis er 20 mill. kroner inkl. mva, vil totalkostnadane bli 16 mill. kroner ved kommunal byggherreavtale.

Avtalen må vere knytt til kva kommunen kan krevje frådrag for. For m.a. utbygging av vassleidningar som skal driftast og vedlikehaldast av privat vassverk kan ikkje kommunen krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift og/eller kompensasjon for betalt meirverdiavgift. Dvs. at dersom kostnader i tilknytning til dette vert fakturert må kommunen betale full meirverdiavgift. Dette må i såfall dekkast av utbyggar.

Kor stor del av kostnadane utbyggar skal betale, og kor arbeidskrevjande ordninga vil vere for kommunen, vil vere avhengig av kva ein kjem til semje om med utbyggar ved forhandlingane om utbyggingsavtale. Etter PBL. § 17-3 må slike tiltak stå i rimeleg forhold til utbygginga sin art og omfang, samt kommunen sitt bidrag til gjennomføring av planen. Kor stor andel utbyggar kan betale før avtalen er uforholdsmessig, er ikke særskilt behandla i rettsapparatet og det er uklart kvar grensa går.

Gjennom rettspraksis og bindande førehandsuttalar fra Skattedirektoratet (Gulating Lagmannsrett sin dom av 01.07.2013 og bl.a BFU 33/05), er det godteke at partane brukar den såkalla «Valdresmodellen» ved bruk av anleggsbidragsmodellen.

«Valdresmodellen» går ut på at kommunen overlet det meste av det praktiske arbeidet til utbyggar, sjølv om kommunen er byggherre. Det må føreligge ein avtale med klar arbeidsdeling i forkant av oppstart av utbygginga. I praksis inneber dette at utbyggar står for alt frå prosjektering til ferdig utbygd anlegg, men at entreprenørane fakturerer kommunen som byggherre. Utbyggar betaler inn det fakturerte beløpet eks mva til kommunen sin konto inkludert administrasjonsgebyr (sjå nedanfor). Det vert presisert at kommunen må vere kontraktspart med alle leverandørar.

For administrering av ordninga, kan kommunen krevje eit administrasjonsgebyr frå utbyggar for meirarbeidet som avtalen medfører for kommunen. Storleiken på administrasjonsgebyret må vurderast konkret i det enkelte tilfelle, og vil vere avhengig av omfanget og kompleksiteten av den planlagde offentlege infrastrukturen. Som eit eksempel kan det nemnast at Trondheim kommune på sine heimesider opplyser at deira administrasjonsgebyr er 2-10% av fakturabeløpet, men i praksis brukar dei 1,2 – 5 % av fakturert nettobeløp i sine avtalar. Trondheim kommunen har forholdsvis brei erfaring med anleggsbidragsmodellen og kva det kostar kommunen å administrere ordninga. Rådmannen antek difor det vil være hensiktsmessig at Herøy kommune nyttar tilsvarande prosentsatsar som administrasjonsgebyr sidan kommunen førebels ikkje har slik erfaring sjølv.

Anleggsbidragsmodellen vil medføre bruk av tid for kommunen til administrering av ordninga, samt kostnader i noko varierende grad avhengig av forhandlingsresultat med utbyggar. Rådmannen meiner difor at det bør være ein viss storleik på utbygginga før anleggsbidragsmodellen skal tilbydast utbyggarar. Ved mindre utbyggingsprosjekt vil kostnadene ved administreringa fort bli høgare enn gevinsten ved bruk av ordninga. Rådmannen føreslår difor at anleggsbidragsmodellen for tida berre skal tilbydast utbyggarar av minimum 50 bustadar.

Sidan kommunen er byggherre ved denne modellen, må kommunen stille krav om at utbyggarane gjennomfører innkjøp av den offentlige infrastrukturen etter regelverket om offentlige innkjøp. Denne prosessen kan etter avtale setjast bort til utbyggar for gjennomføring på vegne av kommunen. Dagens rettstilstand er noko uavklart i forhold til om ordninga fell innanfor eller utanfor regelverket. Kommunen bør ikkje ta sjansen på å pådra seg store gebyr dersom det skulle bli endeleg fastslege at regelverket skal nyttast ved bruk av denne modellen.

Kommunar kan krevje garanti for utbyggar si betaling av entreprisekontrakten for infrastrukturen, og vil normalt krevje ein bankgaranti for verdien av kontrakten. Enkelte kommunar krev i staden pant i den faste eigedomen som vert bygd ut. I tillegg kan det vurderast å krevje at utbyggar tek momsrisikoen i ein 10-års periode etter fullføring av prosjektet, med tanke på f.eks. lovendringar eller feil handtering av meirverdiavgifta. Dette er element som må være gjenstand for forhandlingar med utbyggar.

Sjølv om utbyggar stiller garanti for entreprenørkontraktar, vil den økonomiske risikoen for kommunen likevel ikkje vere eliminert. Dette skuldast at kommunen må være byggherre ved bruk av denne modellen. Som byggherre kan kommunen risikere mangelfullt utførte entreprisekontraktar og påfølgjande tvistar i kjølvatnet av dette. Korleis denne økonomiske risikoen skal fordelast mellom utbyggar og kommunen, kan imidlertid også være gjenstand for forhandling med utbyggar om utbyggingsavtalen.

Ein vil her tilføye at dersom kommunen tek på seg rolla som byggherre tek ein også på seg ansvaret som følgjer av «Byggherreforskrifta» som m.a. omfattar ansvar for helse, miljø og tryggleik ved gjennomføring av utbygginga.

Alternativ 2 - Justeringsreglane

Justeringsreglane er reglar om korleksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming, som følgje av hendingar («justeringshendingar») som inntreff før 10 år er gått frå fullføring av eit byggetiltak. Formålet er at avgiftsbelastinga skal samsvare med avgiftsmessig bruk. Justeringsreglane kan nyttast på anlegg som er gitt bruksløyve/ferdigattest etter 01.01.2008.

Ved bruk av justeringsreglane er utbyggar byggherre for den offentlege infrastrukturen. Kommunen er ikkje involvert i byggeprosessen, og utbyggars innkjøp fell såleis utanfor regelverket om offentlege innkjøp. Etter ferdigstilling kan eigedomsretten til anlegga overdragast vederlagsfritt til kommunen for framtidig drift og vedlikehald.

Kor vidt ein privat utbyggar har frådragsrett for meirverdiavgift ved utbygging av kommunal infrastruktur, vil være avhengig av kva som er «den første bruken» av innkjøpet. Sidan det ikkje er meirverdiavgift på sal av bustadar, vil ikkje bustadutbyggaren få frådragsrett for meirverdiavgift på etablering av infrastrukturen i tilknytning til bustadutbygging, fordi «den første bruken» vil vere bustadføremaal. Når anlegga vert overdregne til kommunen, vil derimot kommunen kunne krevje refundert meirverdiavgifta som ein bustadutbyggar har betalt til entreprenørane, tilbake frå staten med 1/10 kvart år i ein 10-årsperiode. Tilbakebetalt meirverdiavgift kan deretter heilt eller delvis bli utbetalt til utbyggar over same 10-årsperiode.

Kommunen og utbyggar kan inngå ein justeringsavtale, der føremålet er å avklare om utbyggars innbetalte meirverdiavgift skal krevjast refundert frå staten og om evt. tilbakebetalt meirverdiavgift frå staten til kommunen skal tilfelle utbyggar heilt eller delvis. Det kan

avtalast at ein bestemt prosentsats av tilbakebetalt meirverdiavgift kan haldast attende av kommunen som eit gebyr for administrering av ordninga. Det er eit stort spenn på kva prosentsats som blir nytta i andre kommunar på dette gebyret. Dersom kommunestyret meiner at kommunen berre skal bruke justeringsreglane, føreslår rådmannen at dette gebyret vert fastsett til 40 % av tilbakebetalt meirverdiavgift. Årsaka til dette er at ordninga vil krevje ein del arbeidsinnsats frå kommunen si side.

Alternativ 3 - Ingen avgiftsmessig avtale med utbygger

Kommunen kan la vere å inngå avtale om meirverdiavgift med private utbyggerar av offentleg infrastruktur. Dette vil i tilfelle innebere at utbyggerane må betale 25 % mva på kjøp av varer og tenester til etablering av dei offentlege anlegga, som utbygger er forplikta til heilt eller delvis å koste gjennom ein utbyggingsavtale. Meirverdiavgifta vil då bli ein endelig kostnad i bustadprosjektet for utbygger.

For kommunen kan dette få den konsekvens at bustadutbygger ikkje ser seg i stand til å gjennomføre utbygginga. Det kan dessutan føre til unødvendig dyre tomter for huskjøparane og bli lågare kvalitet på tiltaka, som seinare skal overtakast av kommunen.

Vurdering:

Etter rådmannen si vurdering bør valet mellom dei ovanfor nemnde alternativa stå mellom anleggsbidragsmodellen og justeringsreglane. Gjennom utbyggingsavtalane vil utbyggerane ta på seg å bygge ut offentleg infrastruktur som kommunen elles måtte gjennomført sjølv. Det framstår derfor som rimeleg at kommunen inngår avtalar med utbyggerar, for å bidra til reduksjon av kostnader på bustadprosjekta. Dette vil kunne bidra til billigare tomter for huskjøparane, bustadutbyggerane bygg ut meir og kan auke kvaliteten på utbygginga.

Når det gjeld kommunen sitt val mellom anleggsbidragsmodellen og justeringsreglane, framstår anleggsbidragsmodellen totalt sett som det beste avgiftsmessige alternativet ved bustadutbygging (vurderinga kan bli ei anna for næringsprosjekt). Fordelane med denne modellen er at den klart gir best likviditet i prosjekta for utbygger. Dette bidreg til å gjere Herøy kommune til ein meir attraktiv stad for bustadutbygging, enn om den ikkje skal tilbydast i samband med utbyggingsavtalane. Kostnadene ved etablering av offentleg infrastruktur kan utgjere betydelige beløp. Ein reduksjon på inntil 25 % av totalkostnadene kan ha betyding for kva utbygger ser seg i stand til å ta på seg av offentleg utbygging.

Dersom kommunen brukar den såkalla «Valdresmodellen», som er skildra ovanfor, vert meirverdiavgifta gjort opp løpande og avslutta ved ferdigstilling av anlegga, og kommunen treng ikkje å ha eit kontraktforhold med utbygger etter ferdigstilling (evt. med unntak for avtale om momsrisikoen i ein 10-årsperiode). Ulempa med anleggsbidragsmodellen er at kommunen må være byggherre for utbygging av infrastrukturen og at dette medfører risiko for evt. etterfølgjande problem og tvistar med entreprenørane. Denne risikoen kan imidlertid reduserast gjennom utbyggingsavtalen med utbygger. Ved bruk av justeringsreglane vil det derimot vere utbygger som er byggherre og har risikoen for dette åleine – noko som er fordelan med justeringsreglane.

Ulempene ved justeringsreglane vil være at kommunen må oppretthalde eit kontraktforhold med utbygger i ein 10-årsperiode etter ferdigstilling for refusjon av meirverdiavgifta. Dette vurderer ein å være tyngre og meir tidkrevjande for kommunen å administrere m.a. fordi momsoppgåvene må sendast skattemyndigheitene på termin 6 kvart år gjennom heile 10-årsperioden. Ved anleggsbidragsmodellen vert avgiftsforpliktingane som nemnt gjort opp ved ferdigstilling av anlegga. Ved bruk av denne modellen får utbygger dessutan dårlegare likviditet i prosjektet sidan meirverdiavgifta vert tilbakebetalt over ein 10-årsperiode.

Uavhengig av val av modell vil kommunen få auka administrativt arbeid og kostnad. Spesielt ved bruk av anleggsbidragsmodellen der kommunen har byggherreansvar som vil medføre at ein vil måtte følgje opp byggeprosessen og delta på byggemøte og synfaringar m.m. Dette kan sjølvsgatt medføre at andre oppgåver vil måtte vente/utsettast.

For god ordens skuld vurderer rådmannen at det ved bruk av anleggsbidragsmodellen bør vedtakast at utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.

Konklusjon:

Etter ei totalvurdering tilrår rådmannen at:

1. Anleggsbidragsmodellen kan nyttast i **utbyggingsavtaler inngått etter 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar og ein oppnår tilfredsstillande avtale med privat utbyggar. Utbyggar skal betale eit administrasjonsgebyr på 5% av fakturert nettobeløp frå entreprenør som skal dekke utgifter kommunen har ved bruk av modellen.
2. Justeringsreglane om korreksjon («justering») av opprinneleg avgiftshandsaming kan etter avtale med utbyggar nyttast for utbyggingsavtalar **inngått før 01.01.2016** ved bustadutbygging der det skal byggjast minimum 50 bustadar. Fordelinga av momsrefusjonen kommune/utbyggar skal vere 40/60.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Administrasjonen ved Anlegg og drift/Utvikling og Økonomi vil få meir administrative arbeidsoppgåver ved innføring av avgiftsmodell som tilrådd. Dette skal ikkje medføre auka kostnader for kommunen då dei to tilrådde ordningane skal kostast gjennom anten administrasjonsbidrag eller del av refundert meirverdiavgift.

Fosnavåg, 09.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
109/15	Maritim og teknisk komite Formannskapet Kommunestyret	08.12.2015

REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUMMØRE REINHALSVERK IKS - GODKJENNING

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek å godkjenne revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik
- Anleggs- og driftsavdelinga, her

Vedlegg

1. Kopi av MTK-sak 82/15 av 22.09.2015 med vedlegg – Revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

Bakgrunn

Representantskapet i Søre Sunnmøre Reinholdsværk (SSR) har sendt framlegg til revidert forskrift for selskapet til eigarkommunane for handsaming, jf. vedlagde møtebok og vedtak frå møte 12.05.2015, sak R 09/15.

Denne saka gjeld godkjenning av den reviderte forskrifta.

Saksopplysningar

Etter vedtak i Maritim og teknisk komite i MTK-sak 82/15 av 22.09.2015 har saka vore ute til offentleg ettersyn frå 30.09.2015 til og med 29.10.2015.

Det har ikkje kome merknader til saka.

Vurderingar og konklusjon

Med bakgrunn i MTK-sak 82/15 med vedlagt framlegg til revidert forskrift, saksutgreiinga ovanfor og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at den reviderte forskrifta vert godkjent.

Fosnavåg, 07.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
82/15	Maritim og teknisk komite	22.09.2015

REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS - OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

I medhald av § 37 i forvaltningslova legg Maritim og teknisk komite ut til offentleg ettersyn framlegg til ny forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk i samsvar med vedtaket i representantskapet til SSR, sak R09/15, 12. mai 2015.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 22.09.2015

I medhald av § 37 i forvaltningslova legg Maritim og teknisk komite ut til offentleg ettersyn framlegg til ny forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk i samsvar med vedtaket i representantskapet til SSR, sak R09/15, 12. mai 2015.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik

Vedlegg:

- Møtebok og forslag til revidert forskrift for SSR – sak nr. R09/15 av 12.05.2015

Bakgrunn:

Representantskapet i Søre Sunnmøre Reinholdsværk (SSR) har sendt framlegg til revidert forskrift for selskapet til eigarkommunane for handsaming, jf. vedlagde møtebok og vedtak frå møte 12.05.2015, sak R 09/15.

Saksopplysningar:

Av vedlegget til møteboka går det også fram at endringane er av avgrensa karakter. SSR skildrar dette som ei modernisering av forskriftsteksten.

Vurderingar og konklusjon:

Frå administrasjonen si side finn ein endringane forståelege og relevante. Det skulle ikkje vere grunn til å kommentere dei einskilde endringane då dei er godt forklart i vedlegget frå SSR.

Økonomiske konsekvensar vurderer ein å vere ingen for kommunen og små for abonnentane.

Folkehelse:

Ingen særskilde, men ei godt fungerande renovasjonsordning er viktig for miljøet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 09.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

MØTEBOK

SAK NR R09/15

Møtedato: 12.05.2015

Sakshandsamar: Einar Heimdal

NY FORSKRIFT FOR SSR

Vedlagt finn de forslag til revidert forskrift for SSR. På første sida står endringane i forhold til gjeldande forskrift. Revisjonen har i grove trekk vore ei modernisering (meir «up to date») og to-tre områder som har trengt tydelegare tekst. Sistnemnde gjeld spesielt fritidseigedomar og presiering av faktureringsperioder.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner forslaget til revidert forskrift for SSR, og tilrår at kommunestyra i eigarkommunene også godkjenner forskrifta.

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner forslaget til revidert forskrift for SSR, og tilrår at kommunestyra i eigarkommunene også godkjenner forskrifta.

Revisjon forskrift 2015

Endringar i forhold til gjeldande forskrift:

Mindre ordrettingar, oppdateringar og presiseringar er ikkje nemnde nedanfor.

§ 2.3: Gjeld fritidseigedomar. Etter mykje støy rundt punkta om innlagt vatn, kloakk og straum, er desse no fjerna. Kravet om at huset eller hytta skal vere over 35 m² bta, er også fjerna – av same årsak som nemnt ovanfor.

§ 3.4: Kvartal er endra til betalingsperiode for å samsvare med gjeldande faktureringsperioder og mulege framtidige endringar i desse.

§ 3.5: (Ny §). Etter mal frå VØR si forskrift § 12. Dette avsnittet er tatt inn for å få forskriftsfesta eit arbeidskrevande område for selskapet.

§ 4.1: Lagt til nedgravde løysingar.

§ 4.5: Lagt til SMS og SSR sin renovasjonsapp.

§ 6.1: Lagt til køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan det nektast å køyre der.

§§ 6.1 og 6.2: Kommune- fylkes- eller riksvegar er ordmessig erstatta med offentlege vegar og standardgodkjende køyrevegar.

§ 7.3: Oppdatert informasjon, inkl. isopor (EPS).

§ 7.4: Endringar kan gjerast i hente- og bringeordningar utan å endre forskrifta.

§ 10.2: Prisdifferensiering etter vekt og avfallstype er endra til prisar.

§ 10.6: Kommune- fylkes- og riksvegar er ordmessig erstatta med offentlege vegar og standardgodkjende køyrevegar.

§ 10.9: Pluss vektpris er fjerna + at det er føretatt litt tekstpresiseringar.

Kommunal forskrift

for

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS (SSR)

sitt arbeid i kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein

Denne forskrifta erstattar tidlegare forskrift for SSR frå 2010.

Forskrifta er vedteke med likelydande vedtak i kommunestyra:

- Hareid, x/x-2015, k-sak nr. xx/2015
- Herøy, x/x-2015, k-sak nr. xx/2015
- Sande, x/x-2015, k-sak nr. xx/2015
- Ulstein, x/x-2015, k-sak nr. x/2015

Forskrifta er vedteke med heimel i Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6. med seinare endringar, og spesielt i høve til §§ 26 (kommunal tøming av slam frå slamavskiljarar, etc.), 27 (definisjonar av avfall), 30 (kommunal innsamling av forbruksavfall), 31 (handtering av spesialavfall), 33 (gjenvinning og anna handsaming av avfall), 34 (avfallsgebyr), 79 (straffeansvar for ulovleg handtering av avfall), 83 (delegasjon av myndigheit lagt til kommunen eller fylkeskommunen, inkl. interkommunale selskap) og 85 (tilhøvet til forvaltingslova).

Forskrifta er vedteke å gjelde frå 1. januar 2016.

Kapittel 1:

§ 1 FORMÅL

§ 1.1: Forskrifta har som formål å sikre ei miljømessig og økonomisk forsvarleg innsamling, transport og slutthandsaming av avfall frå hushaldningane i SSR sine eigarkommunar. I dette ligg også at ein skal arbeide for avfallsreduksjon og legge til rette for gjenvinning gjennom kjeldesortering. Forskrifta er ikkje til hinder for at SSR også kan arbeide med andre miljøtiltak i SSR sine eigarkommunar. Slike miljøtiltak skal ha samanhang med hushaldningar og deira behov, eller at kommunane vert samde om tiltak og prosjekt som i hovudsak rettar seg mot hushaldningar og kan styrast i regi av SSR.

§ 2 OMFANG AV RENOVASJONSORDNINGA

§ 2.1: Renovasjonsordninga gjeld for kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. Alle huseigarar, festarar og leigebuarar er pliktige å vere med i den fastsette ordninga for renovasjon. Renovasjonsordninga gjeld også for fritidseigedomar. SSR har ansvaret for all innsamling av hushaldningsavfall på vegne av kommunane. Ingen andre aktørar eller privatpersonar kan samle inn slikt avfall utan skriftleg løyve frå SSR.

§ 2.2: Eigedomar som er permanent fråflytta og eigedomar utan bygg fell utanfor renovasjonsordninga. Eigarar av eigedomar og bueiningar som står midlertidig tomme kan etter skriftleg søknad få inntil to års fritak for renovasjonsgebyr eller dei kan få redusert

fastgebyr for kortare perioder. For oppstart av kvilande abonnement vert det ilagt eit oppstartsgebyr.

§ 2.3: Alle fritidseigedomar med hus eller hytte på eigedomen skal omfattast av renovasjonsordninga. Fritidseigedomar må kommunikasjonsmessig vere alminneleg tilgjengelege for å inngå i ordninga. Eigarane kan velge om dei vil ha ei ordning med dunkar eller sekkeløysing. For å få ein eigedom registrert som fritidseigedom i SSR sitt system vert det kravd at eigedomen er registrert i det offentlege eigedomsregisteret / matrikkelen som ein fritidseigedom.

§ 3 ANSVAR FOR RENOVASJONGEBYR

§ 3.1: Alle husstandar skal, gjennom huseigar, betale renovasjonsgebyr. Grunnregelen er at det skal vere eit abonnement for kvart sjølvstendig kjøkken/kvar leiligheit på ein eigedom. Dette gjeld sjølv om to eller fleire husstandar nyttar same avfallsdunk. Eigar av eigedomen er ansvarleg for at dette blir gjennomført etter gjeldande forskrift.

§ 3.2: Etikettane som kvar dunk får påklistra, vert printa ut på gards- og bruksnummer. Den som til ei kvar tid er eigar av den aktuelle eigedomen er ansvarleg for dei pliktene dette fører med seg i høve til innsamlinga av avfall.

§ 3.3: Det er, kun med eitt unntak, alltid eigaren som er ansvarleg for å betale renovasjonsgebyra. Unntaket er bortfest grunn, der festaren svarar for gebyra. Særreglane i høve til dette er at ved dødsbo går gebyrkrava til bustyrar eller arving som har ansvaret for dei økonomiske krava den aktuelle eigedomen heftar for, i uskifta bu går krava til den som sit i uskifte (gjenverande ektefelle), ved konkurs går krava til oppnemnd bustyrar og ved skilsmisse vil krava gå til den som sit att med eigedomen. SSR må utan opphald få beskjed om endringar i eigedomstilhøva slik at ein kan sende krav dit dei høyrer heime. Hovudregelen er at SSR sender ut ein faktura per eigedom. Ein kan likevel ha fleire abonnement per eigedom. Det er alltid huseigar sitt ansvar at endringar i abonnement vert meldt inn til SSR.

§ 3.4: Eit abonnement er aktivt heilt til SSR tek mot skriftleg oppseiing eller skriftleg endringsmelding. Ved endringar i eigedomstilhøve blir ikkje innbetalt fastgebyr refundert før frå neste betalingsperiode. M.a.o. blir ikkje gebyr frå påstarta betalingsperiode refundert. Ved endringar i ei betalingsperiode må gamal og ny eigar ordne opp seg i mellom.

§ 3.5: Dersom det viser seg at ein eigar ikkje har meldt frå om endringar som medfører nytt gebyr eller tillegg i gebyret, kan eigaren påleggast å betale gebyr for inntil to år tilbake frå datoen for at tilhøvet vart registrert eller oppdaga. Eigar sin dokumentasjon vil i slike tilfeller bli vektlagt ved fastsetting av tidspunktet for gebyrplikt.

Kapittel 2:

§ 4 INNSAMLING OG OPPBEVARING AV HUSHALDNINGSAVFALLET

§ 4.1: For innsamling av hushaldningsavfallet skal det som hovudregel nyttast dunkar tildelt av SSR. I heilt spesielle tilfelle kan SSR gje ein abonnent løyve til å nytte sekk. I ein del tilfelle kan også SSR pålegge ein abonnent å nytte sekk i staden for dunk. Desse sekkane må, på same måte som dunkane, samlast på avtalt oppsamlingsplass før kl. 07.30 hentedagen. Sekkane må ha den fargen som gjeld for det aktuelle året. Der ordninga er på plass, kan abonnentar påleggast å nytte nedgravde løysingar i staden for dunkar eller sekkar.

§ 4.2: SSR kjøper inn, leverer ut og eig avfallsdunkane. Det er ikkje høve til å nytte andre dunkar enn SSR sine. Ved skade eller når det elles skulle vere naudsynt, vil SSR skifte ut dunkar. Kvar einskild dunk er registrert på den einskilde eigedomen og må ikkje flyttast der i frå utan etter avtale med SSR.

§ 4.3: Kvar eigedom skal ha ei forsvarleg oppbevaring av bosset. Huseigarane skal syte for reinhald av dunken, og for naudsynt sikring mot ver og vind og mot at uvedkomande misbrukar eller stel dunken. SSR eig dunkane medan huseigarane sitt ansvar er å ta godt vare på det utlånte utstyret.

§ 4.4: Det er ikkje lovleg å kaste frå seg hushaldningsavfall ved SSR sine anlegg eller kaste avfall i komprimatoranlegget (sjakta) utan løyve, jfr. § 2, første avsnitt og § 10.

§ 4.5: Hushaldningsavfallet vert henta etter oppsette ruter. Endringar vil vanlegvis bli kunngjort på SSR sine heimesider, via SMS eller via selskapet sin renovasjonsapp, og einskilde gongar også i lokalavisene. Mindre ruteendringar og endra køyremønster kan forekomme utan varsel, til dømes på grunn av vegarbeid og innstilte fergearter.

§ 5 KRAV TIL ABONNENTAR VED INNSAMLING AV HUSHALDNINGSAVFALL

§ 5.1: På tømmedag skal dunken plasserast ved avtalt køyreveg eller samleplass. Dunken skal sikrast slik at den ikkje veltar og avfallet flyt utover. Dunkane skal heller ikkje vere fullare enn at lokket går igjen på vanleg måte. SSR kan pålegge abonnentane å få ein større dunk ved gjentatt overfylling. Det er vidare abonnenten sitt ansvar at avfallet ikkje er fastfrose i dunken vinterstid. Abonnenten har også ansvar for opprydding av avfall som vert dratt utover av dyr og fugl ved for dårleg sikring. Eventuelt søl frå sjølve tøminga skal fjernast av renovatøren. Skarpe ting som kan skade renovatørane, må pakkast særleg godt inn før dei vert lagde i dunken. Farleg avfall må ikkje leverast inn i dunkane. Farleg avfall kan t.d. vere eksplosiver, sjølvtennande stoff eller væsker, olje og varm oske. Stein og jord må heller ikkje leggjast i dunkane. For å ha krav på henting må abonnenten ha sett fram dunken innan kl. 07.30 på tømmedagen.

§ 5.2: Dunkar som ikkje er klargjort for henting har SSR høve til å sette att. Ved forureining av avfallsfraksjonar kan SSR ilegge abonnenten eit straffegebyr. I tillegg kan abonnentar få dunkar inndratt etter advarsel om at dette kan skje. Eksempel på slik forureining kan vere matavfall, papirbleier eller hageavfall i papirdunken.

§ 6 KRAV TIL KØYREVEG

§ 6.1: Køyrevegen må ha fri snuplass, kurvatur, stigningstilhøve, breidde på minst 3 meter og styrke til å tåle renovasjonsbilane (minst 8 tonn akseltrykk). I svingane må breidda vere minst 4,5 meter. Vegen må ha fri høgde på minst 4,0 meter, og veg og snuplass må vere brøyta og strødd om vinteren. Eigarar av hagar og eigedom som grensar til offentleg veg/veg der renovasjonsbilane køyrer er pliktige til å skjere vekk hekk, tre og greiner som kan vere til hinder for renovasjonsbilane. Veg som ikkje stettar desse krava kan verte utkutta frå køyreruta. Det same gjeld dersom feilparkerte bilar gjentatte gongar hindrar renovasjonsbilane i å kome fram til abonnentane. Etter vurderingar på stadane kan også køyring på/gjennom leikeplassar verte utkutta av omsyn til borna sin tryggleik. Dersom tryggleiken på staden tilseier det, kan også køyring på eller gjennom parkeringsplassar, offentlege plassar eller torg, bli nekta.

§ 6.2: SSR kan vedta å ilegge abonnentar eit tilleggsgebyr for henting på delvis utilgjengelege stader eller for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyreveggar – sjølv om vegane der har vorte godkjende for køyring med SSR sine renovasjonsbilar. For å køyre der det er fartsdemparar i vegen, bør desse vere skraverte og merka med skilt. Dette avsnittet gjeld også for henting i oppsamlingsrom o.l.

§ 7 KJELDESORTERING

§ 7.1: Henteordninga i SSR omfattar henting av restavfall , papir/ papp og plastemballasje ute hos abonnentane. Bringeordninga omfattar resten av tenestene i SSR, sjå § 8, der abonnentane sjølv fraktar avfall til fastsett samleplass for dei aktuelle fraksjonane.

§ 7.2: Det er kun reint papir og papp frå hushaldningane som skal leggest i papirdunken og dette må ikkje leggest i plastsekkar eller plastnett.

§ 7.3: Kun gjennomsiktlige plastsekkar skal nyttast til hushaldningsplast (plastemballasje). Desse skal settast saman med den blå dunken og vil verte samla inn av selskapet. Desse gjennomsiktlige plastsekkane kan også nyttast til reine isoporfraksjonar (EPS) frå emballasje. Isoporsekkane må innholdsmessig ikkje blandast med vanleg plastemballasje.

§ 7.4: Endringar i måtane ein skal kjeldesortere på vil bli kunngjort på vanleg måte, jfr. § 4, siste avsnitt. Hente- og bringeordningane kan bli endra ut i frå nye lokale, nasjonale og internasjonale retningslinjer og miljømål.

§ 8 SPESIELLE TYPER AVFALL

§ 8.1: SSR vil sørge for at spesielle tiltak innan mottak av avfall som rettar seg mot hushaldningane vert starta og oppretthalde innanfor gitte økonomiske rammer basert på sjølvkostprinsippet. Eksempel på dette kan vere greinplassar/hageavfallmottak, containerar for spesialavfall, containerar for utleige, gjenvinningsentralar, einskilde fraksjonar på lokalmottaka, glasigloar, ryddeaksjonar i kommunane og mottak av ulike fraksjonar på SSR sitt hovudanlegg. § 8 inkluderer også andre lovpålagde oppgåver for mottak av ulike avfallsfraksjonar som ein utfører anten i eigen eller privat regi.

§ 9 ANDRE BESTEMMELSAR

§ 9.1: SSR sitt styre kan fastsette mindre endringar innan dette kapittelet. Desse endringane / reglane skal kunngjerast på vanleg måte (jfr. § 4, siste avsnitt).

Kapittel 3:

§ 10 GEBYR, GEBYRINKREVIING OG SANKSJONAR

§ 10.1: For tenester etter denne forskrifta skal kvar huseigar betale renovasjonsgebyr. I tillegg skal det betalast renter og inndrivingskostnader ved for sein betaling. Kvar av SSR sine eigarkommunar skal kvart år vedta likelydande gebyrvedtak etter tilråding frå representantskapet i SSR. For gebyrkrava har eigarkommunane legalpant etter pantelova § 6-1.

§ 10.2: Representantskapet fastset, etter tilråding frå styret, generelle reglar og nivå for fastgebyr og prisar. Representantskapet gjer dette kvar haust i samband med budsjetthandsaminga for påfølgande år.

§ 10.3: SSR står for innkrevinga av renovasjonsgebyr etter delegasjon frå eigarkommunane. Kommunane er fortsatt formell eigar av gebyrkrava og legalpanten, og SSR står for sjølve innkrevinga.

§ 10.4: SSR sitt representantskap kan vedta differensierte gebyr på grunnlag av avfallsmengde, avfallstypa og andre naturlege måtar å differensiere gebyra på.

§ 10.5: Styret i SSR fastset storleiken på ekstragebyret der abonnentane treng større dunkar enn dei standardiserte.

§ 10.6: Styret i SSR fastset storleiken på ekstragebyr for henting av hushaldningsavfall på vanskeleg tilgjengelige stadar og for henting utanfor offentlege vegar og standardgodkjende køyreveggar (eit såkalla ulempetillegg). Storleiken vert berekna ut i frå avstand til hovudveggar og vegstandarden.

§ 10.7: SSR sender ut gebyr til abonnentane med jamne mellomrom. Gebyrkrav blir sendt ut til huseigar på faktureringstidspunktet (som vanlegvis er tre veker før huseigaren får fakturaen i posten). Eventuelle endringar i eigedomstillhøve må vere meldt skriftleg inn til SSR i god tid før dette faktureringstidspunktet. Endringar etter dette tidspunktet kjem ikkje med på faktureringa før neste gong. Ved skifte av eigar på ein eigedom i denne perioden må i så fall gamal og ny eigar ordne opp seg i mellom. Jfr. § 3, siste avsnitt.

§ 10.8: Ved restart av kvilande abonnement skal SSR kreve inn eit gebyr for å dekke kostnadane med dette. Storleiken på dette gebyret skal ha ein samanheng med storleiken på fastgebyret og vert fastsett i SSR sitt styre.

§ 10.9: Godkjende fritidseigedomar, jfr. § 2, betaler 1/4 fastgebyr ved bruk av dunk eller sekk. Godkjende ekstrasekkar kan, ved behov, kjøpast hos SSR til den prisen styret har fastsett.

§ 10.10: Brot på paragrafar i denne forskrifta kan medføre straffegebyr. Straffegebyr, og storleiken på desse, vert fastsett i SSR sitt styre. I einskilde graverande tilfelle kan ein, på abonnenten si rekning, sørge for separat oppsamling, innkøyring og sortering av avfall som kan føre til helsemessige vanskar. Jfr. aktuelle paragrafar i forureiningslova og spesielt § 79, 2. ledd.

§ 11 LEGALPANTEN

§ 11.1: Legalpanten høyrer til i kvar av eigarkommunane på vanleg måte, og vil tre i kraft dersom selskapet ikkje klarer å kreve inn gebyra ein har til gode. Jfr. § 10, 3. avsnitt og § 12.

§ 12 KLAGER

§ 12.1: Enkeltvedtak gjort av SSR kan påklagast i henhold til forvaltingslova § 2b og § 28, 2. ledd. Klagen skal stilast til SSR.

Kapittel 4:

§ 13 ENDRINGAR I FORSKRIFTA

§ 13.1: Endringar i denne forskrifta kan kun gjerast etter likelydande kommunestyrevedtak i eigarkommunane. Endringar kan ikkje settast i verk før påfølgande årsskifte.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 331/15 Gnr 22 Bnr 2 - Frådeling av tilleggsareal 09.11.2015 00:00:00 Asbjørn Espeseth

DS 332/15 Gnr 34 Bnr 8 - Frådeling av område for nærmiljøanlegg

09.11.2015 00:00:00 Leiv Pettersen

DS 333/15 Mellombels bruksløyve - 4 mannsbustad - 37/51 18.11.2015

00:00:00 Tømrer Service as

DS 334/15 Elfo Eiendom as - 37/295 - grunnarbeid/rørarbeid 12.10.2015

00:00:00 John Moldskred as

DS 335/15 Gnr 9 Bnr 120 - frådeling av 3 nausttomter 16.10.2015 00:00:00

Sunnmøre jordskifterett

DS 336/15 Ferdigattest - 34/538 12.10.2015 00:00:00 Bucci Arkitektur &

Design as

DS 337/15 Mellombels bruksløyve - 31/188 - seksjon nr 5 12.10.2015

00:00:00 Tømrer Service as

DS 338/15 Gnr 79 bnr 6 - Frådeling av grunn til Gurskøy idrettslag 16.10.2015

00:00:00 Bjørn Leikanger

DS 339/15 Mellombels bruksløyve - 29/74 - Einebustad 12.10.2015 00:00:00

IEC-HUS Norge as

DS 340/15 Ferdigattest - 37/394 - Vatnevegen 6 12.10.2015 00:00:00 Per

Mulvik as

DS 341/15 Heida Vel - 33/1, 9, 10, 1 og 30/7 - Adventsstjerne 09.11.2015

00:00:00 Heida Vel v/Anlaug Varhaugsvik

DS 342/15 Herøy Vasslag SA 37/417 - Ferdigattest vassleigning 19.10.2015

00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 343/15 Bjørn Perry Myrvåg - 46/1 - Riving 12.10.2015 00:00:00 Bjørn

Perry Myrvåg

DS 344/15 Ivar Brekke Flusund - 35/104 - Tilbygg 09.11.2015 00:00:00 Ivar Brekke Flusund

DS 345/15 Ferdigattest tilbygg Einedalen skule - 24/74 14.10.2015 00:00:00 Moldskred as

DS 346/15 Mellombels bruksløyve - 16/91 09.11.2015 00:00:00 Ørsta Byggservice as

DS 347/15 Ferdigattest ventilhus - 42/4 19.10.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 348/15 Ferdigattest tilbygg 36/85 seksjon nr 2 11.11.2015 00:00:00 Per Arne Herskedal

DS 349/15 Ferdigattest 82/5 13.11.2015 00:00:00 Are Pilskog

DS 350/15 Beathe Myklebust 26/40 - Ferdigattest 16.11.2015 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 351/15 Roar Evensen 11/143 - Mellombels bruksløyve for rorbuer 16.09.2015 00:00:00 Bygg & System AS

DS 352/15 Ferdigattest masseutskifting i grunn - 45/148 09.11.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 353/15 Roar Evensen 11/143 - Ferdigattest 19.10.2015 00:00:00 Bygg & System AS

DS 354/15 Ferdigattest opparbeiding av P-plass - 38/141 09.11.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 355/15 Mellombels bruksløyve 1 etg garasje - 46/47 09.11.2015 00:00:00 Helge Djupvik

DS 356/15 Ferdigattest 30/104 seksjon nr 1 18.11.2015 00:00:00 Kirsti Petrine Myklebusthaug

DS 357/15 Herøy kommune 20/27 - Endringsløyve for riving og miljøsanering

av Frøystad skule 18.11.2015 00:00:00 BONESMO BYGG CONSULT

DS 358/15 Ferdigattest 30/104 seksjon nr 2 18.11.2015 00:00:00 Palma
Myklebusthaug

DS 359/15 Gnr 11 Bnr 5 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 12 20.11.2015
00:00:00 Johannes Sævik

DS 360/15 Mørebygg AS 26/200 - Ferdigattest for seksjon 1 og 2 23.11.2015
00:00:00 Mørebygg AS

DS 361/15 Ferdigattest riving hus og uthus - 29/97 20.11.2015 00:00:00
Aurvoll og Furesund as

DS 362/15 Ferdigattest tilbygg/garasje - 19/32 23.10.2015 00:00:00 Stian
Åge Kleppe

DS 363/15 Ferdigattest 4/309 26.10.2015 00:00:00 Elina Goksøyr Leine

DS 364/15 Magnus Lillestøl og Olaug Janne Husøy - 60/375 - Endring
ansvarsrett 23.11.2015 00:00:00 Anebyhus as

DS 365/15 Darlin og Oskar Hovlid 58/46 - Ferdigattest 23.11.2015 00:00:00
Oskar Hovlid

DS 366/15 Tømrer Prosjekt AS 60/382 - Ferdigattest for seksjon 1 og 2
23.11.2015 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 367/15 Tømrer Service as - 80/30 - Endring ansvarsrettar 16.11.2015
00:00:00 Tømrer Service as

DS 368/15 Ferdigattest Heid tursti del 2 - gnr 28 bnr 2 og 6 + gnr 30 bnr 1, 2,
4, 7, 9 og 11 09.11.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 369/15 Mellombels bruksløyve - 31/188 - seksjon nr 3 09.11.2015
00:00:00 Tømrer Service as

DS 370/15 Gnr 28 Bnr 2 Frådeling av nausttomter 20.11.2015 00:00:00 Ottar
Lars Hjorthaug

DS 371/15 Gnr 53 Bnr 11 - Frådeling av bustadareal 20.11.2015 00:00:00

Gerhard John Tjervåg

DS 372/15 Ferdigattest veg Myklebust til Campus - 37/496 21.10.2015

00:00:00 Asplan Viak

DS 373/15 Steinar Bendal - 29/320 - Garasje 26.10.2015 00:00:00 Steinar

Bendal

DS 374/15 Roy Voldsund og Monika Sande - 24/13 - Tilbygg 28.10.2015

00:00:00 Byggenheim as

DS 375/15 Ruben Bakke - 40/82 - Einebustad og garasje 26.10.2015 00:00:00

Myklegard Consult as

DS 376/15 Adolf Dypvik 34/147 - Løyve til oppføring av altan og utestove

02.11.2015 00:00:00 Adolf Dypvik

DS 377/15 Gnr 58 Bnr 1 - frådeling av festenummer 16 09.11.2015 00:00:00

Advokatfirmaet Harris

DS 378/15 Øyvind Kleven 29/177 - Løyve til oppføring av altan 05.11.2015

00:00:00 Øyvind Kleven

DS 379/15 Ferdigattest VA/ledningsanlegg i Sævikane - 11/110 m fl.

09.11.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 380/15 Nazem Ali Razi 21/12 - Ferdigattest for riving av brannskada hus

05.11.2015 00:00:00 BONESMO BYGG CONSULT

DS 381/15 Gnr 21 Bnr Bnr 42 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 21 20.11.2015

00:00:00 Herøy kommune

DS 382/15 Gnr 26 Bnr 8 - Frådeling av tilleggsareal til bnr 51 20.11.2015

00:00:00 Olav Ståle Voldsund

DS 383/15 Ferdigattest - 60/194 18.11.2015 00:00:00 Vidar Ytre-Haug

DS 384/15 Ferdigattest carport - 19/63 18.11.2015 00:00:00 Svein Nerland

DS 385/15 Mellombels bruksløyve 2 etg Sunnmørsbadet 27.11.2015 00:00:00

Conplan as

DS 386/15 Anett Skorpen Tarberg 62/2 - Ferdigattest 25.11.2015 00:00:00

Sundli Plan

DS 387/15 Bjørn Leikanger - motorisert ferdsel i utmark for transport av byggevarer til sel - fornying av løyve 20.11.2015 00:00:00 Bjørn Leikanger

DS 388/15 Ferdigattest - 30/30 18.11.2015 00:00:00 Bygg og System as

DS 389/15 Herøy Eigedom as - 37/78 - Riving av bustadhus 20.11.2015

00:00:00 Prosjektbygg as

DS 390/15 Ferdigattest - tilbygg 60/345 27.11.2015 00:00:00 Per Ståle Moltu

Referatsaker

Referatsaker



Vår ref:
Eivind Flåskjer/Jarl Martin Møller

Dato:
20.11.2015

Vedr. asylmottak i Herøy kommune

Viser til hyggelig forhåndskonferanse hos dere mandag 16.11.2015, som omhandlet en omgjøring av Herøy Hotell til asylmottak for enslige mindreårige flyktninger. Vi har inngått intensjonsavtale med Hero Norge, som er den største driftsoperatøren av asylmottak i Norge. Hero Norge er i sluttforhandlinger med UDI, og har fått indikasjoner på at Herøy Hotell er svært aktuelt som mottak. Endelig tilbakemelding forventes omgående.

Ved positiv tilbakemelding vil vi sende inn søknad om omgjøring til asylmottak til kommunen så snart som råd. UDI er som kjent under et meget stort tidspress, og vi håper derfor på en så rask saksbehandling som overhode mulig fra Herøy kommune. Anbudsrunden som nå behandles har ønsket oppstartsdato 01.01.16. Vi planlegger betydelige oppgraderinger av bygget (deriblant sprinkling), og fristen blir ikke mulig å overholde, men vi vil jobbe svært hardt for å få bygget klart snarest mulig.

Herøy Hotell har som kjent en bygningskropp inneholdende fem etasjer. Vi planlegger i første omgang å benytte etasjene 2-4. 2. etasje vil benyttes som spisesal/kjøkken/oppholdsrom. 3. og 4. etasje inneholder syv dobbeltrom og 14 enkeltrom per etasje, og begge etasjene tenkes nyttes for å huse 40-60 enslige mindreårige (aldersgruppe 15-18 år). Det kan bli aktuelt å benytte også 1. og 5. etasje på litt sikt, og da tenkes dette benyttes ifbm aktivisering av barna – gjerne i samarbeid med kultursektoren i kommunen.

Vi har et sterkt ønske om å etablere et så godt hjem som mulig for de som skal bo der. Vi ønsker å bidra på best mulig måte til at barna integreres raskt og godt inn i lokalsamfunnet, og at de også på sikt kan bli aktive medlemmer av Herøy kommune/Fosnavågen. Vi tar svært gjerne møter med kommunen litt lengre ut i prosessen for å diskutere og kartlegge hvordan vi kan være med på å gjøre Herøy Hotell til et flaggskip innen asylmottak for enslige mindreårige flyktninger.

Vi håper på et godt samarbeid!

Med vennlig hilsen
for Sequoia AS

Knut Olav Klokk
Mail: knut@sequoia-as.no
Tlf: 416 42 880

Nils-Andreas M. Ramsli
Mail: nils@sequoia-as.no
Tlf: 455 19 201